

HARDANGER OG
VOSS MUSEUM

Årsmelding 2022



Foto: Pål Hoff

Høgdepunkt 2022

Mars:

Opning av smia, Hardanger fartøyvernssenter, ved riksantikvar Hanna Geiran.

Juni:

Opning av fruktstien, Hardanger folkemuseum, ved ordførar Roald Aga Haug.

April:

Folkemusikk- og dansetokt i Hardanger, samarbeid mellom Hardingfela.no og SJ «Mathilde».

Juni:

Overlevering av MK «Fremad II» Hardanger Fartøyvernssenter.

Nøkkeltal 2022

	2022	2021	2020	2019	2018
Besøk	57 691	36 745	30 382	63 185	56 143
Gjenstandar	52 352	52 281	52 180	51 973	51 867
Foto	94 604	94 604	94 604	94 604	94 604
Kulturhistoriske bygg	135	133	133	133	133
Verna fartøy	4	4	4	4	4
Publikasjonar	13	5	6	4	4
Utstillingar	35	25	26	34	27
Arrangement, konsert mm1)	306	257	71	329	85
Driftsinntekter*	68 122	62 608	61 543	55 057	67 239
Årsresultat*	-867	389	3 550	-1 212	2 489
Eigenkapital**	15 082	15 949	15 560	12 010	13 072
Totalkapital*	57 049	52 952	47 319	44 608	42 251
Faste tilsette	65	64	64	64	60
Årsverk	65	62	57,8	61,7	61,7
A-melding (I&t-oppgåve)***	201	187	160	193	173
Sjukefråvær	4,6 %	5,0 %	5,9 %	6,3 %	4,3 %

* Tal i tusen kroner

** Implementering av pensjonsforplikting per 1.1.2016

*** Frå 2016 var det beløpsgrense på kroner 10.000 for å innrapportere A-melding. Antal personar under beløpsgrensa er inkludert i antalet frå og med 2016.

Juli:

Opning av ny basisutstilling i Ingebrigt Vik museum, ved utvalsleiar i Vestland fylkeskommune Stian Davies.


Oktober:

Kunstnargruppa «Skifte. Land» starta i Agatunet med seminar, deretter flytande symposium på SJ «Mathilde». Utstilling i Kabuso.

Desember:

Ny strategisk plan vedteken.

Organisasjon 2022





Styret: F.v: Lars Mossefinn, Gunnar Skeie (vara), Agnete Sivertsen, Hans Jørgen Andersen, Solfrid Borge og Asbjørn Tolo. Ikkje til stades, Elisabeth Wesenlund Hauge og Silje Ensby. Foto: Kjell Herheim, HMV.

Årsmelding frå styret

Hardanger og Voss vart skipa 17. januar 2006 og har forretningsstad i Utne. Museet har driftsansvar for Agatunet, Granvin bygdemuseum, Hardanger fartøyvernssenter, Hardanger folkemuseum, Ingebrigt Vik museum, Kvam bygdemuseum, Kunsthuset Kabuso, Voss folkemuseum, Dagestadmuseet og Herand Sag. Hardanger og Voss museum er organisert i fem bemanna avdelingar, og har samarbeidsavtalar med stiftingane Agatunet og Hardanger Fartøyvernssenter, samt museumslaget Voss folkemuseum og foreininga Hardanger Folkemuseum. Desse eig dei fleste bygningane og gjenstandane ved musea. Samarbeidspartane har plass i rådet ved museet.

Føremål

Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid. Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal musea vere med på å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vere ein open møtestad der alle er velkomne til å studera, oppleva og finne utfordringar. Museet ytt fagleg hjelp i museums- og kulturminnespørsmål til kommunar og frivillige i regionen. Hardanger og Voss museum driftar eit nasjonalt senter for fartøyvern og eit kunsthus som er tusenårsstaden i Hordaland.

Aktivitet

Etter krevjande år med pandemi, ser me i 2022 at besøkstalet er på veg opp igjen, og me nærmar oss no det nivået me var på i 2019. Kurs har vore ein stor suksess i 2022, m.a. i ulike handverksteknikkar. Forskinga har fått eit løft i året som gjekk, særleg gjennom å organisere forskingsaktiviteten annleis enn før. Dette er gjort m.a. gjennom å arrangere skrivesamlingar, fagdagar, prosjektutvikling m.m.

Ingebrigt Vik museum opna i juni ny basisutstilling. Utstillinga har vorte godt mottatt, og kan vise til gode besøkstal etter opninga. I den nye utstillinga er det lagt særskilt vekt på universell tilgjenge, m.a. ved å flytte inngangen til motsett side av tidlegare. Heile museumsbygget har fått eit løft gjennom innvendes rehabilitering av overflatene.

Ved Hardanger folkemuseum vart den historiske fruktstien offisielt opna. Dette er ei samling av gamle fruktsortar. Ei rekke med konsertar av høg kvalitet har vore gjennomført på folkemusikkscena.

I Agatunet har det vore eit høgt aktivitetsnivå, m.a. med utstillingar og arrangement. Gjennom sommaren opna heile fem utstillingar.

Hardingfela.no sitt samarbeid med Osa-festivalen kan vise til rekorddeltaking på arrangementet UngOsa, der born og unge deltek på kurs i folkemusikk og –dans. Hardingfela.no har bidratt til at unge folkemusikarar har fått sommarjobb med speling på faste tidspunkt i museumstuna til HVM.

Den freda ferja MF "Folgefonn I" har sidan 2018 vorte restaurert ved Bredalsholmen dokk og fartøyvernseier. Framdrifta er avhengig av tilskotsmidlar. Me opplever at prosjektet tilfører både Bredalsholmen og oss sjølv kompetanse gjennom handverksarbeid, dokumentasjon og prosjektleiing.

Tilbygget til smia ved Hardanger fartøyvernseier vart ferdigstilt i starten av 2022. Riksantikvar Hanne Geiran stod for opninga i mars.

Kulturnaustet, som er del av utviklingsprosjektet «Tett på» ved Hardanger fartøyvernseier, skrid stadig framover. Gjennom 2022 har det vore arbeid med prosjektering i samarbeid med arkitektar, ingeniørar og juristar. Ved årsskiftet var prosjektet lyst ut som offentlig anskaffing med prekvalifisering.

Personalet arbeidde i 2022 med ny strategisk plan for perioden 2023-2026, som vart vedteken av styret i desember.

Styrande organ

Styret hadde fem møte i 2022, der dei handsama 67 saker. Rådet hadde eitt møte i 2022, der dei handsama 3 saker.

Det vart i 2022 teikna forsikring for styre- og leiingsansvar.

Styret bestod i 2022 av: Lars Mossefinn (styreleiar), Solfrid Borge (nestleiar), Asbjørn Tolo (styremedlem), Hans Jørgen Andersen (styremedlem), Elisabeth Wesenlund Hauge (styremedlem), Agnete Sivertsen (ansattrepresentant) og Silje Ensby (ansattrepresentant).

Personale

I 2022 vart det utført totalt 64,9 årsverk, medrekna fem lærlingar. Totalt 201 personar var knytt til museet og fekk lønsutbetaling i løpet av året. I tillegg til dei faste tilsette har det vore engasjert sommarvikarar, andre vikarar, volontørar og personar som har hatt arbeidstrening gjennom NAV.

Det er ei jamn fordeling av kvinner og menn i museet, men fordelinga er ulik innan dei mange yrkesgruppene. Kvinner er i hovudsak tilsett i akademiske og merkantile stillingar. I styret var det fire av sju kvinner. I leiargruppa var det fire av sju kvinner.

I tråd med §26 i likestillings- og diskrimineringslova vert det kvart 2. år gjennomført kartlegging av lønn fordelt etter kjønn, og kartlegging av bruk av ufrivillig deltidsarbeid. Resultatet av kartlegginga vert publisert i årsmeldinga.

Hardanger og Voss museum diskriminerer korkje tilsette eller besøkande i høve til alder, kjønn, funksjonshemming, religion, kulturell bakgrunn eller seksuell orientering.

Helse, miljø tryggleik (HMT)

HMT-målsetjinga til museet er at det skal vera eit helsefremjande og inkluderande arbeidsmiljø der ingen vert skadde eller sjuke som følgje av arbeid eller arbeidsmiljø. Hardanger og Voss museum har fokus på IA-arbeid og er medlem i Bedriftshelse1.

Museet har felles arbeidsmiljøutval (AMU) og er delt i tre verneområde som alle har egne verneombod. AMU hadde i 2022 fem møte der dei handsama 43 saker. Gjennom heile året er det gått vernerundar på alle avdelingane.

Det var i 2022 åtte arbeidsulucker ved museet, seks ved Hardanger fartøyvernssenter og to ved Hardanger folkemuseum. Ingen av disse var alvorlege. Sjukefråveret akkumulert var på 4,6 %, ein nedgang frå 5,0 % i 2021.

Hardanger og Voss museum har ikkje skada eller påverka det ytre miljøet negativt. Alle tiltak og planar vert vurderte ut frå prinsipp om universell utforming.

Miljøfyrtårn

Hardanger og Voss museum vart godkjend som miljøfyrtårn i 2011. Museet vart resertifisert i 2021. Det er ikkje avdekka tilhøve som kan medføre ein betydeleg påverknad av det ytre miljøet.

Openheitslova

Hardanger og Voss museum pliktar å følgje openheitslova. Det vil i første del av 2023 bli utarbeida aktsemdsvurderingar etter openheitslova §4. Utgreiinga av desse vil bli offentleggjort på nettsida til Hardanger og Voss museum innan 30.06.23

Økonomiske tilhøve

Årsrekneskapen til Stiftinga Hardanger og Voss museum er avlagt etter norske rekneskapsstandardar og god rekneskapskikk for øvrige føretak. Årsrekneskapen er avlagt under føresetnad om fortsatt drift. Dette på basis av budsjettet for 2023 som inkluderer tildelte driftstilskot på 36,7 millionar kroner. Hardanger og Voss museum er del av det nasjonale museums-, kunst- og fartøyvernfeltet og får årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet, Klima- og miljødepartementet, Vestland fylkeskommune og lokale kommunar. Museet har i tillegg stort fokus på eigeninntening.

Årsresultatet for 2022 var -0,9 millionar kroner mot 0,4 millionar kroner i 2021. Driftsresultatet i 2022 var -1,0 millionar kroner mot 0,3 millionar kroner i 2021. Driftsinntektene i 2022 auka med 5,4 millionar kroner frå 2021, medan driftskostnadene auka med 6,8 millionar kroner frå 2021. Salsinntektene vart auka med 5,0 millionar kroner og tilskot og gåver auka med 0,5 millionar kroner. Museet fekk i 2022 prosjekttilskot til mellom anna den freda ferga MF «Folgefonn I», reparasjon av Nesjastova ved Hardanger folkemuseum, sprinkling i Agatunet samt til basisutstillinga ved

Ingebrigt Vik museum.

Den framtidige pensjonsforpliktinga var per 31.12.22 aktuarberekna til 19,5 millionar kroner mot 15,3 millionar kroner på same tid i fjor.

Disponering av årsresultat

Årsresultatet for 2022 utgjorde -867 tusen kroner mot 389 tusen kroner i 2021. Årsresultatet vert disponert frå anna eigenkapital.

Sentrale risiko og uvissefaktorar

Hardanger og Voss museum har ein svak eigenkapital i forhold til omfanget av drifta og framtidig pensjonsforplikting. For å møta den langsiktige forpliktinga må museet generera overskot framover, eller få tilførsel av kapital frå stiftarane. Omfanget av drifta avheng av størrelsen på offentlege tilskot og museet si eiga evne til eigeninntening. Endringar i rammevilkåra frå det offentlege vil påverke museet si evne til å levera i tråd med samfunnsoppdraget. Det er betydeleg uvisse knytt til vurderingar av framtidig tilhøve.

Finansiell risiko

Risikostyring og internkontroll står sentralt i Hardanger og Voss museum si styring av verksemda. Hardanger og Voss museum er eksponert mot marknadsrisiko i form av oppdragsmengde innan bygningsvern og fartøyvern, samt tal på besøkjande. Museet skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar for å sikre tilførsel av relevant kompetanse og for å vidareutvikle gode opplevingar for både oppdragsgjevar og besøkjande.

Museet er eksponert mot endringar i rentenivået i form av langsiktig lån og avkastning på likvide midlar på bankkonto. Museet er avhengig av årlege offentlege løyvingar. Museet er liten grad eksponert mot endring i valutakursar.

Kreditt- og likviditetsrisiko

Risiko for at motpartar ikkje har økonomisk evne til å oppfylle sine forpliktingar vert vurdert som låg. Historisk sett har det vore små tap på krav. Likviditeten i 2022 har vore god, og likviditetsgrada var god per 31.12.22. Kontantstrømpoppstillinga viste positivt bidrag frå operasjonelle aktivitetar på 5,1 millionar kroner mot 2,4 millionar kroner i 2021. Investeringsaktivitetane var i

hovudsak finansiert med tilskot frå samarbeidspartar. Netto kontantstrøm frå investeringsaktivitetar var -5,2 millionar kroner mot - 4,7 millionar kroner i 2021. Finansieringsaktivitetane var dels finansiert av tilskot frå samarbeidspartnarar. Netto kontantstrøm frå finansieringsaktivitetar var -0,4 millionar kroner mot - 0,3 millionar kroner i 2021.


Takk

Styret ynskjer å rette ein takk for alle gåver til museet i 2022. Me er òg svært takksame for engasjementet dei frivillige og tilsette ved museet legg ned. Me vonar at det gode samarbeidet kan halde fram i åra som kjem.

Øystese, 22. februar 2023



Lars Mossefinn
Styreleiar




Solfrid Borge
Styremedlem



Asbjørn Tolo
Styremedlem



Silje Ensby
Styremedlem



Agnete Sivertsen
Styremedlem



Hans Jørgen Andersen
Styremedlem



Elisabeth Wesenlund Hauge
Styremedlem



Åsmund Kristiansen
Direktør

Forord frå direktøren

Koronapandemien har vore mindre hemmande for verksemda til Hardanger og Voss museum i 2022 enn dei to føregåande åra. Det første halvåret gav noko sjukefråvær og andre utfordringar, men i det store og heile ser me ikkje tilbake på 2022 som eit år prega av pandemien.

2022 har vore eit aktivt år med framgang på mange område. Det er inspirerende at me har ein strategisk plan å jobbe etter, og at strategien har ein effekt.

Internt i HVM har det skjedd utvikling på mange felt. På den faglege fronten er det gledeleg at forkinga har fått eit løft i 2022. HVM er involvert i eit treårig prosjekt saman med andre museum i Vestland. Gjennom interne fagdagar har fleire blitt inspirerte og fått påfyll. Kollegaer som har forskingsprosjekt eller artikkelarbeid på gang har delteke på skrivesamlingar. Det er positivt at strategien om å prioritera forskning har gitt resultat på forholdsvis kort tid.

HVM har forvaltingsansvar for mange bygningar, både historiske og administrasjons- og driftsbygningar. Det skjer vedlikehald og forbetringar heile vegen. Eitt av dei større løfta i 2022 var å ta i bruk det nye tilbygget til smia ved Hardanger fartøyvernsenter. Når det gjeld historiske bygningar har 19 bygningar behov for vedlikehaldstiltak, men dei færreste av desse har akutte behov. Jamført med andre museum i Noreg ligg me greitt an, men dette er eit arbeid som må skje kontinuerleg.

«Kulturnaustet», det nye publikumsbygget ved Hardanger fartøyvernsenter, har vore under planlegging heile 2022. På tampen av året vart prosjektet lyst ut som offentleg anskaffing. Tilsette ved HVM, arkitektar, ingeniørar, Kvam herad og ekspertar på ulike fagfelt har lagt ned eit stort arbeid for å planlegge og prosjektere detaljar.

Det var eit stort løft å få på plass ein ny strategisk plan for dei neste fire åra. Personalet var involvert på ulike måtar gjennom året. Planen tydeleggjer fire faglege spydspissar for HVM:

- Immateriell kulturarv, med vekt på handverk, drakt, folkemusikk og -dans
- Kulturlandskap med vekt på frukt dyrking og moderne landbruk
- Kystkultur og maritim historie
- Formidlingsmetodar



Direktør Åsmund Kristiansen ser tilbake på 2022 som eit år som baud på fleire løft i verksema til Hardanger og Voss museum. Foto: Kjell Herheim, HVM.

Styret har vedteke eigen verksemdstrategi for Hardanger fartøyvernssenter, i tråd med Riksantikvaren si forventing. I løpet av 2022 har det skjedd store endringar i tilskotsordninga for kunnskapsutvikling i fartøyvernet. Dette har gitt oss utfordringar, men samstundes meiner eg at dette har styrka funksjonen vår som nasjonalt fartøyvernssenter.

Økonomisk går HVM ut av 2022 med eit underskot på omkring 800 000 kroner. Ny aktuarberekning av pensjonsforpliktinga gav oss ein kalddusj, då forpliktinga auka med 4,2 millionar. Straumprisen steig frå hausten 2021 og bidrog til større kostnader i 2022 enn det me hadde budsjettert med. Andre varer og tenester har òg auka i pris.

HVM har vore sertifisert som Miljøfyrtårn sidan 2011. Men 2022 var året då HVM vart noko meir medvitne om klimaavtrykk, berekraftig utvikling og miljø. Straumprisen bidreg sjølvstilt til å gjera oss medvitne om at energi er ein avgrensa ressurs, men samarbeidet om strategisk plan, deltaking i Riksantikvaren si klimagrupper og andre seminar og møte har vore nyttige for å løfta desse temaa i året som gjekk.

Eg vil takka alle kollegaer for godt samarbeid i 2022. Det er motiverande når me har kjensla av å vera i rørsle, få ting gjort, koma vidare i planane våre. Men ikkje minst gode møte med trivelege kollegar og samarbeidspartar er viktig. Takk for godt samarbeid med styret i HVM, og med eigarstyra. Frivillige som er knytte til museet, tilskotsytarar og andre samarbeidspartar skal òg ha takk.

Åsmund Kristiansen
Direktør



T.v.: Arbeid med Aadnesbua – Handtverkar Morten Haavik i god sving med tjærebeiging av Aadnesbua i Agatunet. Tjæra er brent tyri, frå stubber og røter av furu. Ho varmast opp for å verta smørbar, og kan og tynnest med til dømes linolje eller terpentin. Foto: Line B. Iversen, HVM. T.h.: Overlevering av Fremad II. Foto: Silje Ensby, HVM.

Forvaltning av materiell kulturarv

HVM skal i fylgje eigen strategi samla inn, bevare, vidareføra og sikra både materielle og immaterielle kulturminne, i tråd med gjeldande planar og avtalar. Innsamlingspolitikken skal vera restriktiv. Eitt av måla er å forvalta samlingane gjennom aktiv bruk av digitale verktøy, både når det gjeld registrering, koordinering og tilgjengeliggjering. Kulturhistoriske bygg og anlegg skal forvaltast slik at dei er på eit godt vedlikehaldsnivå.

Gjenstandsforvaltning

Det har vore liten tilvekst av gjenstandar ved Voss folkemuseum. Me tek berre mot gjenstandar som manglar i samlinga vår, eller som av andre grunnar har høg verdi. Me svarar høfleg på alle tilbod me får, og alle tilboda skal vurderast av minst to personar. Av dei mest verdfulle gåvene dette året var to måleri av Lars Osa. Måleria hang på styrarkontoret på meieriet på Voss, som no vert lagt ned. Alle nye gjenstandar får ei lett registrering og vert deretter plasserte i magasinet. Magasina ved HVM er fulle, og me ser fram til at eit nytt og stort fellesmagasin for Hordaland kjem på plass. Det vil betra lagringsforholda stort, i dag er mange av gjenstandane lagra i museumstuna.

Kvam bygdemuseum, Storeteigen hadde besøk frå materialkonservatorane i Bevaringstenestene som såg på lagringsforholda på Storeteigen. Førebels er dei godkjende. Me arbeider med å registrera heile samlinga i databaseprogrammet Primus.

Forvaltning av historiske bygningar

I Agatunet har slutføring av vøla av Aadnesstabburet vore prioritert. Dette arbeidet tok til hausten 2021, med midlar frå Vestland fylkeskommune. Alt av roteskadd materiale har vorte skifta ut, og isolasjon frå 1970-åra vart fjerna. Helletaket vart lagt på nytt etter mønster frå gamle foto og teikningar, og nokre heller måtte bytast ut. Både stabburet og Sveinsstova har vorte brannsikra med sprinklaranlegg.

På Hardanger folkemuseum har arbeidet med restaureringa av Nesjastova halde fram. Huset er eitt av få som stod på Neset då museet overtok området på 1970-åra. Muren på den tidlegare husmannsplassen rasa ut våren 2021, og bygget har hatt trong for omfattande restaurering. Muren vart sett opp att i 2021, og i år vart tilbygget demontert slik at me kunne drenera under kjellaren. Taket var roteskadd grunna inntrenging av vatn. Tilbygget er no restaurert, og kjellaren er tørr. På sikt ønskjer me å få i stand eit universelt utforma toalett i denne kjellaren. Dei rotne taksperrere vart bytte ut. Under demonteringa fann me delar av dei gamle ljoresperra, og me har nytta desse opp att i restaureringa.

Elles har det vore arbeidd mykje med det store prosjektet med installering av brannsikringsanlegg i museumstuna på Utne og Skredhaugen. Graving for kabeltrekk har sysselsett både eigne og eksterne handverkarar, og bygningsvernkonsulenten har hatt mykje administrativt arbeid med prosjektet. Etterverknaden frå pandemi har sett sitt preg på

arbeidet, med lang leveringstid på detektorar. Prosjektet vert fullført våren 2023.

På Skredhaugen vart taket på Mosstova tekt med never. Dette skjedde i samarbeid med bygningsvernstudentar frå Fagskulen i Vestland. Det har berre vore gjort lett vedlikehald på bygningane ved Voss folkemuseum. Tilstanden for bygningane er jamt over god.

Ei tilstandsvurdering viste at Kvam bygdemuseum, Storeteigen har ein del vedlikehald framføre seg. Torsteinsstova fekk nye takrenner dette året. Mads Dragsund bur i prestegarden i Vikøy og overtok i 2022 som ansvarleg for Borgstova. Han ser etter bygning og tek mot publikum etter avtale.

Voss herad gjennomførte i 2021 branntilsyn ved Granvin bygdemuseum. Det vart då avdekkja ein del manglar som måtte utbetrast. Mellom anna vart det peika på at det trongst brannvarslingsanlegg i alle husa i tunet, og det arbeidet er no utført. Som følgje av dette vart det også vedteke at tunet trong nytt låssystem. Når låssystemet er installert vert også brannvarslingsanlegget sett i drift. I etterkant vart det utarbeidd ein ROS-analyse med handlingsplan.

Forvaltning av historiske fartøy

Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter har i 2022 halde fram med skrogarbeidet på MF «Folgefonn I». Det er jobba med utbetring av spant, samt utbetring og fornying av hudplater på begge sider forut. Arbeidet har gått ut på demontering og kopiering av hudplater med klargjering for montering, som rustbanking og reparasjonar på spant og mellomlegg. Deretter montering, brotsjing og klinking av hudplater. Noko arbeid er utført på bildekket, med rennesteinar og rekker.

På MY «Faun» vart det utført omfattande lakkarbeid på salonghuset. Båten var på slipp og fekk fornya både botnstoff og måling av skroget.

MK «Vikingen» har vore ute av drift nokre år på grunn av motorproblem, og riggen har heller ikkje vore oppe. I 2022 kom endeleg motoren i gang og riggen opp.

SJ «Mathilde» hadde trong for ny motor. Me engasjerte Jan-Fredrik Paulsen, tidlegare ingeniør ved Fjellstrand AS til å greia ut kva som ville høve best til drifta. Han konkluderte med at batteridrift ikkje var aktuelt, men at me burde gå vidare med ein moderne dieselmotor med lågare forbruk og utslepp av

klimagassar. Me burde òg halda fram med dagens gir og propell. Arbeidet med demontering, bestilling av motor og deler til overhaling av gir m.m. vart gjort i 2022, medan monteringsarbeidet skjer i 2023. Nytt storsegl vart tinga i 2022, med levering i 2023. Seglet vert laga av seglmakar og handverksstipendiat Marius Borg.

Driftsbygningar og anlegg

Den mekaniske verkstaden ved Hardanger fartøyvernssenter har blitt innreidd og for alvor teken i bruk i løpet av året. Det same gjeld riggarverkstaden, sjølv om denne alt har vore i bruk i eit par år.

Klima- og ventilasjonsanlegget i administrasjonsbygget ved Hardanger folkemuseum treng oppgradering. Fleire synfaringar med ulike ingeniørfirma vart gjennomførte i løpet av året, med påfølgjande administrativ oppfølging og søknadsskriving. Det vart løyvd midlar til forprosjektet frå Sparebankstiftinga Hardanger. Arbeidet har høg prioritet i 2023.

På Skredhaugen vart den rotne flaggstonga bytt ut med ei ny, og nye flotte bokskap til boksamlinga etter Jon Bleie er på plass i Bleie-samlinga.

Arkiv og bibliotek

Den største delen av den store boksamlinga ved Voss folkemuseum er ikkje registrert. I november 2022 tilsette me, med tilskot frå NAV, ein bibliotekar i ca. 25 % stilling. Han registrerer bøkene i Bibliofil, det same programmet som Voss bibliotek nyttar, og det er råd å søkja i samlinga vår frå nettsidene deira. Ved utgangen av 2022 var om lag 3161 bøker registrerte. Me reknar med at boksamlinga inneheld rundt 20 000 bøker.

Det nye digitale arkivet til Hardanger fartøyvernssenter inneheld no rundt 300 000 filer. Desse er i hovudsak fordelt på foto, video, dokument, teikningar og rapportar, og er basert på søkbar tekst (metadata). Fagboksamlinga inneheld omkring 1550 titlar. Nye titlar vert lagt inn fortløpande.

Arbeidet med å samla inn, digitalisera, og sikra arkivmateriale frå fartøyeigarar held fram. Dette er også ein del av dokumentasjonssenteret, som mellom anna går ut på å få fram erfaringar med å sikra historisk kjeldemateriale om dei verna og freda fartøya.

Forvaltning av immateriell kulturarv

HVM prioriterer tradisjonelle handverksfag og folkemusikk. Dei maritime faga er fartøybyggjar, småbåtbyggjar, skipssmed, mekanikar, reipslagar og bestmann. Hardanger fartøyvernssenter er godkjent som lærlingbedrift innan smed-, reipslagar- og båtbyggjarfaget. Ved Hardanger folkemuseum er det tilsett hardingfelespelar ved folkemusikkarkivet, som ein del av ordninga med fylkesmusikar som vart innført tidleg i 1990-åra. Hardingfela.no er ei vidare satsing på folkemusikk, i partnarsskap med Ole Bull Akademiet på Voss. I partnarsskapen samarbeider me om folkemusikk som hardingfelespel, folkedans, kveding og felebygging. HVM har stor aktivitet på bygningsvern, både gjennom restaureringsarbeid i museumstuna og som læringsarena for Fagskulen i Vestland si bygningsvernutdanning. Forvaltning av immateriell kulturarv er såleis integrert i mange sider av drifta ved HVM, gjennom restaurering av historiske bygg og fartøy, fagopplæring, kurs m.m.

Reipslaging

Tidleg på året reiparbana var prega av mangel på materialar, då me framleis venta på ei levering av hampegarn frå Kina. Me fekk likevel produsert ein del tau på vårparten med det me hadde av material, ikkje berre i hamp, men og i til dømes kokos og bomull. Me har produsert tjukke tau på utdrivarbana i Älvängen i Sverige, og rigga opp Sunnmørsjekta «Anna Olava». Å jobba med hampetau i store dimensjonar har vore kjekt og veldig lærerikt. Det vart produsert og levert ti store fenderar i manila til DS «Hvaler». På hausten kom me endeleg leveransen me venta på, ti tonn hampegarn frå Kina.

På vårparten gjennomførte me to kurs på Fosen folkehøgskule. I juli var me med på Kystens landsstemne, der me mellom anna demonstrerte reipslaging på minireiparbana. Dette er ein viktig formidlings- og salsarena for oss, og det var viktig å vera synleg her etter pandemien. I juli fekk me ferdig ein ny handverksfilm om hudreip. Filminga har gått over fleire år og viser prosessen frå rå kuhud til ferdig reip. Ved årsskiftet hadde filmen 175 000 visningar. I tillegg til denne videoen vart det laga ein video der reipslagaren grundigare forklarar prosessen steg for steg. Dette er

viktig dokumentasjonsarbeid av reipslagingsteknikkar som ein ikkje nyttar ofte. Sist gong me gjorde det var for snart 20 år sidan.

På hausten deltok me på Kystens råseglsseminar. I løpet av året laga me eit tjøreverk som var klart til prøvekyring på tampen av året. Dette skal nyttast til å impregnera hampegarn med tjøre.

Småbåtverkstaden

Småbåtverkstaden ved Hardanger fartøyvernssenter har hatt stor aktivitet heile året, med ei rekke restaureringsoppdrag og noko nybygg. Eitt av dei største prosjekta var restaurering av ein sunnfjordsåttæring frå Gulen, truleg bygd tidleg på 1800-talet. Ei registrering av båten sitt naust med innhald vart gjennomført i samanheng med restaureringsprosjektet. Ein nordfjordsbåt, ein Askeladden og ein oselvar vart også restaurerte. I samanheng med utbetring og restaurering av ein oselvar tolv-æring eigd av Universitetet i Sørøst-Noreg tok ein lærling fagbrevet sitt. Det vart tilsett ny lærling før sommaren.

På slutten av året tok me til med bygginga av ny livbåt til Skibladder. Arbeidet held fram i 2023. I 2022 skreiv me under kontrakt på bygging av to nye båtar – ein strandebarmar og ein hardangerfæring.

Dokumentasjonsarbeidet av naustmiljø og båtar har halde fram i år, støtta av Riksantikvaren. Alle båtar har ei mappe der alle opplysningar er samla, t.d. intervju med eigarar. Rapporten frå prosjektet vart på starten av året sendt ut til alle båt- og nausteigarane som har tatt del i prosjektet, saman med eit brev med råd om korleis dei som eigarar kan ta vare på kulturminnet deira.

Tekstil

I 2022 har Hardanger folkemuseum arbeidd med å dokumentera skautfelling. Skaut er eit hovudplagg for kvinner som ikkje er så mykje i bruk som tidlegare. I Hardanger er det ein tradisjon med koneskaut, altså eit skaut som gifte kvinner nyttar. Å klargjera skautet og kle det på hovudet kallast å fella skautet. Kunnskapen om skautfelling er nesten borte i Hardanger, men



T.v.: Opning av utstillinga. Filerte forkleborder- tradisjon og mangfald på Voss folkemuseum ved leiar i Norges husflidslag, Barbro Storlien. Foto: Kjell Herheim, HMM. T.h.: Skautedagen: Ivriga skautekoner framføre speglen. Foto: Elisabeth Emmerhoff.

saman med Folgefonn husflidslag og Ringøy og Bu bygdekvinnelag har me sett i gang ein redningsaksjon for skautfellinga. I 2022 har me tatt eit skritt vidare i prosjektet og gått i djupna slik at handverket skal kunne forast vidare. Målet er i tilby felling av skaut som ei teneste. Prosjektet vil halde fram i kommande år. Kursverksemda innan tekstile handverksteknikkar har eit godt marknadsgrunnlag, og i haust gjennomførte me fleire fullteikna kurs. Det vart gjennomført fire helgekurs i bunadssaum, knytt til dei tekstile utstillingane våre. På to av kursa fekk ein undervisning i å sy hardangersaum, og på dei to andre sydde ein bringklutar i ulike teknikkar. Samarbeidspartnarar for kursa har vore Folgefonna husflidslag og Utne hotell.

Bygningsvern

Å krota tyder å dekorera med mønster eller geometriske figurer. Denne typen mønster er vanleg på mange typar gjenstandar og var ikkje minst vanleg i dei gamle røykstovene. Røykstovene har open eldstad og ljore i taket, noko som gjev svarte veggjar. Eitt av omfara i det lafta huset vart tradisjonelt pynta eller krota med ein kvit måling. Denne forma for dekormåling er gått ut av tradisjon, men er atterreist ved Hardanger folkemuseum. Såleis er det dei seinare åra gjennomført ei rekke prosjekt med å måla opp att ei pyntebord eller krotebord i gamle røykstover. I 2022 har kroteborda i den eldste årestova i bygningssamlinga, Tveismestova, blitt slutført.

I juli var fleire av dei tilsette på museet på personaltur

til fjellgarden Kjepso for å sankta never til taktekkning. Me henta ut kring 100 kilo never som skal nyttast på Skredhaugen, og det var ei kjekk sosial utflykt. Teknikken med å flekka never av bjørketreet vert òg kalla å losta. Dette må skje på eit tidspunkt på sommaren då nevra sit lausare på stammen enn elles i året. Nevra som var henta på Kjepso skal nyttast til taktekkning på husa i museumstuna. Me har framleis fleire bygg som manglar autentiske nevertak, og med tida skal alle desse bytast ut med nevertak tekte slik me lærte av handverkaren og tradisjonsberaren Steinar Mølster.

Fartøyvern

Me har i år gjennomført fleire kurs på Hardanger fartøyvernssenter, mellom anna nokre helgekurs som åremaking, «lær å segle tradisjonsbåt» og smi-kurs. Nytt av året var kveldskurs med «låg terskel», til ein rimelegare pris: Fletting av sponkorg, småsløyd og fletting av fenderar og matter. Dei to sistnemnde gjekk over fleire kveldar. På hausten gjennomførte me det årlege verktøyseminaret, retta mot profesjonelle handverkarar i kulturminnevernet. I år var temaet høvlar, og seminaret var ein stor suksess.

Gaffelriggseminaret er ein viktig arena på fleire vis. For det første er det eit høve til å øve, trene, prøve ut, lære og føre vidare kunnskap om gaffelrigga fartøy. Svært mange norske tradisjonelle seglfartøy var rigga med gaffelrigg, så dette er eit viktig område innanfor fagfeltet vårt. For det andre er det ein arena for samarbeid med frivillige, med andre organisasjonar,



Museumstokt med musikk, dans og mening! Foto: Elisabeth Emmerhoff.

både nasjonalt og internasjonalt. Årets seminar vart gjennomført i Middelfart i Danmark, med nitti seglarar fordelt på ti deltakande fartøy. Seminaret var svært vellukka og fekk gode tilbakemeldingar. Samarbeidspartane var Hardanger fartøyvernssenter, Foreningen Lillebælt Værftet og Skibsbevaringsfonden. I 2022 har me halde fram med å dokumentera ulike teknikkar knytt til riggarfaget og reipslagarfaget. Me har òg arbeidd med materialkunnskap knytt til dekksmaterial, stål og hamp.

Oppgangssaga i Herand er drive som eit prosjekt under Fartøyvernsvetninga, og vert sett i samanheng med oppdrag innan bygningsvern spesielt. Saga er eit freda kulturminne med viktig immateriell kulturarv. I 2022 leverte me ein del material på bestilling, og tok også noko heim til eige lager.

Ved utgangen av 2022 hadde Hardanger fartøyvernssenter fire lærlingar i trebåtbyggjarfaget (den eine er knytt til småbåtverkstaden). Lærlingordninga er viktig både for å vidareføra kunnskap og for rekruttering. Å bidra til at ungdom får fullføra utdanninga i læreverksemda si er òg ein viktig del av samfunnsoppdraget. I løpet av 2022 gjekk kontrakten med reipslagerlærlingen ut. I løpet av 2023 reknar me med å ha nye lærlingar både på reiparbana og i smia. Samarbeidet med Vestland Fylkeskommune om vidareutdanning av bygningsvernhandverkarar gjennom Teknisk Fagskule held fram. Saman med tilknytninga til NTNU gjev dette eit perspektiv og auka kompetanse på forvaltninga av immateriell kulturarv, vidareføring av handverkskompetanse og opplæring.

Hardingfela.no

Prosjektet er eigd av Hardanger og Voss Museum og Ole Bull Akademiet.

Styret til hardingfela.no er sett saman slik:

- Rektor ved Ole Bull Akademiet: Jo Asgeir Lie
 - Direktør ved Hardanger og Voss museum: Åsmund Kristiansen
 - Styrar ved Hardanger Folkemuseum: Guro Kvalnes
 - Tidlegare styrar ved Hardanger Folkemuseum; Agnete Sivertsen har også delteke på møta.
 - Styret har hatt fem møte i 2022.
 - Rådet for hardingfela.no er sett saman slik:
 - Hordaland folkemusikklag: Per Øyvind Tveiten
 - Sogn og Fjordane folkemusikklag: Knut David Hustveit
 - Hordaland ungdomslag: Øystein Rambjørg
 - Sogn og Fjordane ungdomslag: Olaf Skjerdal
 - Førdefestivalen: Sølvi Lien
 - Vestland fylkeskommune: Wenche Gausdal
 - Osafestivalen: Ida Dyrkorn Heierland
 - Ole Bull Akademiet: Jo Asgeir Lie
 - Hardanger og Voss museum: Åsmund Kristiansen
- Rådet hadde eitt møte i 2022.

Dagleg leiar i hardingfela.no er med i ressursgruppa for formidling i HVM. Dei to tilsette i hardingfela.no delteke på personalmøte på Ole Bull Akademiet og har jamlege oppdateringar saman med Hardanger Folkemuseum.

Tokt med SJ «Mathilde»

Rett før påske 2022 var hardingfela.no på turné i to veker på Hardangerjakta SJ «Mathilde» i samarbeid med Fartøyvernsenteret. 5. og 6. klassar frå dei ni barneskulane i Ullensvang fekk koma om bord i båten, og det vart ein stor suksess. Hardingfela.no bidrog med historieforteljing, føredrag, musikk og bryggedans. Attåt sær s n gde lærarar og elevar fekk me god pressedekning lokalt. Hardingfela.no arrangerte også kveldsdans på båtdekket i Jondal saman med lokale lag og Ullensvang kommune. Det var veldig moro og kring 40 dansarar frå kring 2 til 80 år deltok. Det var god omtale av toktet både i Hardanger Folkeblad og i Hordaland Folkeblad.

UngOsa

UngOsa er eit storkurs som hardingfela.no arrangerer i samarbeid med Osafestivalen. Dette var sjuande gongen me arrangerte UngOsa. 72 utøvarar på hardingfele, toradar, kveding, samspel og dans frå 6 år og oppover (60 deltakarar i fjor) gav deltakarrekord, og det var venteliste for å vera med. Me heldt til på Voss gymnas, Voss Vandrarheim, Voss ungdomshall og i Gamlekinoen. Attåt å ha kurs fekk deltakarane sjå premiera på familietingingsverket «Hest i huset», dei hadde sjokoladekappleik og mykje sosialt. Ungdomane hadde sin eigen ungdomsfest, og i tillegg spelte, song og dansa alle under avslutningskonserten i Gamlekinoen. I år leigde me inn Astri Sudmann til å fortelja eventyret «Askeladden som stal sølvendene til trollet» innimellom dei ulike innslaga til deltakarane. Me la ned mykje arbeid i førebuing, logistikk, manus og regi på førestillinga på førehand og den vart veldig bra. UngOsa fekk god presseomtale både før og etter kurset.

Årets lærarar var:

- Arngunn Timenes Bell, Alexander Aga Røynstrand, Hallgrim Skjerdal og Arne Sølvberg på hardingfele.
- Inge Gjevne og Jon Amund Karusbakken på toradar
- Anna L.S. Gjendem og Nina Byttingsmyr på dans
- Malin Alander og Kari Finne Sognnæs på kveding
- Geir Marius Thorud på samspel
- Astri Sudmann som leika og fortalde for borna fredags kveld, var konferansier på sjokoladekappleiken og forteljar på avslutningsførestillinga.

Tilskotsgjevarar, sponsorar og samarbeidspartnarar for

UngOsa 2022:

Tilskot: KOMP (Norsk musikkråd), Vestland fylkeskommune, Voss herad, Norsk senter for folkemusikk og folkedans og Sparebanken Vest, Vekselbanken, Voss vandrarheim, Voss sparebank, Vossabakst, Hordaland folkemusikklag og Hordaland ungdomslag.

Morgondagens felemakarar

I samarbeid med felemakarverkstaden på Voss fekk me i 2020 i gang Morgondagens felemakarar. Fem ungdomar frå Voss hospiterer på felemakarverkstaden to timar i veka, og i løpet av tre år skal dei ha laga si eiga hardingfele. Nokre halvferdige delar til felene er kjøpt inn frå felemakar Ole Gjerde. For å få endå betre framdrift i arbeidet har me i år m.a. nytta ein planleggingsdag der ungdomane fekk jobba heile dagen med felene sine. No er målet å ha felene spelbare til Osafestivalen 2023. Avisa Hordaland hadde ein fin artikkel om satsinga i haust og Ingerid Jordal har laga ein ny film.

Morgondagens felemakarar har fått stønad frå Norsk Kulturråd, Vestland fylke og lokal stønad frå Voss herad og Sparebanken Vest.

Felefyllgje – konsertar i museumstuna

Solokonsertane i museumstuna til Hardanger og Voss museum som hardingfela.no organiserer og finansierer er eit populært og vellukka tiltak. I år var utøvarane Svein Laingen Kjerland (hardingfele) på Hardanger Folkemuseum, Agatunet og Skredhaugen, Siri Nordgård (toradar) på Mølstertunet og Ingrid Standal Sørheim (toradar) på Hardanger Fartøyvernsenter og Storeteigen. I løpet av juli spelte dei til saman 200 konsertar på kring 20 minutt. På Mølstertunet var også i år den fyrste av tre daglege konsertar spesielt retta mot born. Ingrid Standal Sørheim inviterte med seg gjestemusikkarar og hadde eit allsidig program.

Sekretariat for Vestland fylkeskommune sine stipend

Hardingfela.no har dei siste åra vore sekretariat for Hordaland fylkeskommune sine folkemusikkstipend. Vestland fylke har vidareført ordninga, og hardingfela.

no er framleis sekretariat for nemnda som innstiller til stipendvinnarar. Stipendet på 60 000 kroner gjekk i år til Sigrid Moldestad og dei to ungdomsstipenda, kvar på 25 000 kroner, gjekk til Lukas Pawelka (felebyggjar på Ole Bull Akademiet) og Mathilde Skjæret (hardingfelespelar frå Sogn).

Familieførestillinga «Har du sett nokon gamal kjerring» i museumstuna

Hardingfela.no samarbeidde med dei ulike museumsavdelingane om framsyningar av familieframsyinga «Har du sett nokon gamal kjerring» med Kari Finne Sognnæs og Astri Sudmann. Fyrste framsyninga var på Kabuso 24. april, og det var ei nydeleg stund med spanande forteljing, song og musikk. Både born og vaksne vart gripne av framsyninga, som seinare har vore framført på Nesheimstunet, Skredhaugen, Hardanger Folkemuseum og Agatunet.

Dansesatsing i Ullensvang: DKS tilbod og lærarkurs

Me har støtta opp under og vore fagleg samarbeidspart/sparrepartnar i Ullensvang kulturskule sitt DKS-tilbod Hardingdans. I dette tilbodet gjev kommunen 5.–6. trinn i kommunen (ni skular) tilbod om fire timar med folkedans i skulen. Tilbodet var nytt førre skuleår, og Halldis Folkedal hadde då stillinga som dansepedagog. Hausten 2022 har Astri Sudmann vore instruktør. Hardingfela.no arbeidar tett med Ullensvang kulturskule for skapa meirverdi ut frå dette gode tilbodet. Ein av aktivitetane er lokale dansefestar i etterkant av skulebesøka. Her samarbeider ein med lokale krefter (som t.d. ungdomslag, spelemannslag, og bygdekvinnelag). Dette er dansefestar kor generasjonsmøter og samværsdansen står sentralt, og målet er å setje fokus på danseglede. Vonleg vil det føra til at fleire enn elevane får kjenna på denne, og at ein ynskjer å skipa til fleire dansefestar og ta dansen vidare i sosiale samkome i framtida.

I samarbeid med Ullensvang kulturskule og Norsk senter for folkemusikk og folkedans skipa me til ein seminardag i september om bruk av dans i skulen. Her deltok ni lærarar frå fleire av skulane i Ullensvang

kommune. Det var ein god dag med mykje praktisk øving og refleksjon kring dans og bruk av dans med born og unge. Mange sa at dei ynskje meir påfyll og kompetanse rundt dans i skulen, og me ynskjer å tilby dette også til andre stader i regionen.

Forskning på Sørfjordspringar og folkedanssalong i Granvin

I samarbeid med Norsk senter for folkemusikk og folkedans arrangerte hardingfela.no folkedanssalong i Granvin under ei søndagsøving til Hardanger spelemannslag i november. Saman med senteret held me på med eit revitaliseringsprosjekt om springartradisjonen i Sørfjorden. Magne Velure er også involvert i dette prosjektet. I tillegg til å innehalda arbeid med analyse av materiale (film og lyd) og nye intervju med ressurspersonar som har vore – og er – viktige bidragsytarar til at springaren har vore brukt og vidareført, er målet at arbeidet skal munna ut i eit konkret produkt: Ei meir «levande» danseskildring med fleire lag med informasjon og materiale (tekst, lyd, video, bilete) som skal gjerast tilgjengeleg for alle.

Instruktørkurs på Voss

18.–20. november samarbeidde me med Noregs Ungdomslag og Voss Ungdomslag om barneinstruktørkurs innan folkedans. Kurset var i Ungdomshallen på Voss, og det kom deltakarar frå Troms til Lindesnes. Størsteparten av deltakarane – heile 14 personar – kom faktisk frå Hordaland. Me ynskjer å få til fleire slike kurs i samarbeid med NU og vil arbeida med lokale lag og Hordaland Ungdomslag for å få dette til.

Forskning, kunnskapsutvikling og rådgjeving

HVM skal forska og utvikla kunnskap med utgangspunkt i eigne samlingar og innan materielle og immaterielle fagfelt. Me skal forska på våre prioriterte tema, i samsvar med gjeldande planar for regionen og nasjonalt. Me skal driva forskingssamarbeid med eksterne FoU-miljø og dei nasjonale museumsnettverka. Som museum skal me formidla truverdig kunnskap og gje gode råd til brukarane våre.

HVM er eitt av tre museum i prosjektleiinga for det treårige utviklingsprosjektet Forskingsinfrastruktur for musea i Vestland. I regi av dette prosjektet har me i løpet av 2022 gjennomført eit seminar i Bergen med tittelen: Vilje til forskning, men korleis få det til?, to vekelange skrivesamlingar for museumstilsette, fleire digitale møte for tilsette i musea med interesse for forskning, og utdeling av stønad til utvikling av doktorgradsprosjekt og ferdigskriving av artiklar. Utover dette har prosjektet gjennomført ei kartlegging av forskingssituasjonen og forskingsressursar ved musea i Vestland. I samarbeid med Universitetet i Bergen utvikla me eit prosjekt med tittelen *The nature of museums: On the interweaving of nature and culture in museums*.

I tillegg til prosjektleiinga har to tilsette ved HVM vore engasjerte som prosjektmedarbeidarar i prosjektet. Ei stod for gjennomføringa av kartleggingsprosjektet, og ei har teke seg av det praktiske knytt til ulike arrangement i regi av prosjektet.

HVM held fram med prosjektstillinga som forskingskoordinator i 2023. Forskingskoordinatoren har vore HVM sin representant i prosjektet nemnt over, og utover dette har forskingskoordinator vore leiar for ressursgruppa for forskning ved HVM. I løpet av året har HVM arrangert tre interne forskingsfagdagar med desse temaa: «Kva skal til for å skrive en fagfelleverdert artikkel?», «Ein artikkel til inspirasjon» og «Kva kan arkiva by på».

Tilsette i HVM har jobba med fleire forskingsartiklar i løpet av året, og desse vert publiserte som fagfelleverderte artiklar i 2023.

Formidlingsleiar og bygningsvernkonsulent ved Hardanger folkemuseum arbeider med kvart sitt forskingsprosjekt. Formidlingsleiar arbeider med ein større redningsaksjon for tradisjonshandverket



På tungt knippe er det nøklar inn til mange gode opplevingar!
Foto: Guro Kvalnes, HVM.

skautfelling, medan bygningsvernkonsulenten arbeider med kroting – ein gløymd kvinnetradisjon. Begge har delteke på fagsamlingar internt i HVM, som del av eit større forskingsprosjekt i musea i Vestland fylke, og begge har delteke på skrivesamlingar. Heftet *Krot i røykstova* – ein gløymd kvinnetradisjon vart publisert i 2022.

Bygningsvernkonsulenten har også i år hatt oppdrag og samarbeid med fylkeskommune, kommune og gjeve rådgjeving til private huseigarar i verneverdige og freda hus. Denne rådgjevingstenesta i Hardanger-regionen har vore nedfelt i ein samarbeidsavtale mellom museet og fylkeskommunen sidan 2000, og fylkeskommunen har bygningsvernkonsulent i fleire delar av Vestland.

I slutten av april var bygningsvernavingdelinga vertskap for Fagskulen i Vestland på Skredhaugen. 14 studentar frå faget Klassisk bygningsvern og restaurering fekk bryna seg på nevertkking av tak og oppmålingsteikning.

Vestland fylkeskommunen har i 2022 vore i Agatunet for digital skanning av Lagmannsstova.

Fleire tilsette i HVM deltok på kongressen i bygningsvern på Maihaugen på Lillehammer i mai. Under Mellomalderveka i Bergen i oktober deltok avdelingsleiar og bygningsvernavingdelinga ved HFU på kalkseminar.



Få ting slår ein blømande frukthage i mai! Foto: Guro Kvalnes, HVM.

Fagskulen på Skredhaugen: I slutten av april 2022 var 14 elevar frå Fagskulen i Vestland på samling på Skredhaugen. Elevane var med på å tekka tak med never og torv etter gamal tradisjon. Foto: Anne Lise Brask Eriksen, HVM.

Formidling

HVM skal formidla kunnskap basert på forskinga, samlingane og fagområda våre. Me skal vera i dialog med eit breitt publikum og vera inkluderande. Aktivitets- og opplevingsbasert formidling skal prioriterast og vera tilpassa ulike målgrupper. Barn og unge er ei prioritert målgruppe. Me skal vera ein attraktiv besøksstad for turistar og samarbeidspart for reiselivsbransjen.

Agatunet, Hardanger folkemuseum og Skredhaugen Før sommarsesongen vart den faste basisutstillinga på folkedrakt og bunad på Hardanger folkemuseum revidert og komprimert. Møblementet etter treskjerar Lars Kinsarvik vart henta frå trappelemmen til utstillinga og bakveggen til utstillinga med hardangersaum fekk seg eit nytt strøk med frisk himmelblå maling. I Storsalen viste me framleis den eigenproduserte utstillinga Opplut og belte, som syner eit breitt spekter med opplutar og belte knytt til Hardangerbunaden, henta frå den rike tekstilsamlinga vår.

I Agatunet vart det opna heile fem ulike utstillingar denne sommaren. Hovudutstillarar i tunet var i år tekstilkunstnar og designar Ove Harder Finseth og fotograf Ingerid Jordal. Ove Harder Finseth sine vakre kreasjonar var å sjå i fleire av husa i tunet. Gjenbruk og berekraft er viktige berebjelkar for kreasjonane han syntte fram, og fleire av verka var direkte inspirerte av minne frå tunet. Utstillinga heitte Minna finst i dei inste krokane. Fotograf Ingerid Jordal stilte ut fotokunst med

utstillinga She hunts, ei sterk utstilling der Jordal har dokumentert kvinnelege jegerar. Årets ungdomsutstillar var i år kulturskolen i Ullensvang, og tradisjonen tru vart det skipa til ei barnehageutstilling frå Aga barnehage. Temaet for barnehageutstillinga var På garden. På toppen av det heile stilte kunstgruppa ut utstillingsplakatane frå dei siste 30 åra.

På Skredhaugen var det duka for #3 Dialogutstilling. I serien har kunstnaren Lars Korff Lofthus vore kurator. Han har invitert inn samtidskunstnarar til å gå i dialog med verk frå samlinga etter Jon Bleie. I år var samtidskunstnaren ingen ringare enn Maria Pasenau. Det vart eit fruktbart møte mellom Pasenau sine verk og Bleiesamlinga. Utstillinga Symbiotisk avskjed var på utstilling nede i Bleiesamlinga. Oppe i Nilsastova kunne besøkande oppleva dei vakre vevnadane til tekstilkunstnar Joronn Ystaas.

I Agatunet hadde me på vårparten inne alle 6. klassane frå Odda barneskule og alle trinn frå Hauso skule – både barne- og ungdomsskolen – på vitjing. Odda-elevane fekk opplegget «Frå fiber til tråd» med opplæring i karding av ull og spinning på handtein, i kombinasjon med eit opplegg der dei fekk høyra om og prøva ut gamle verktøy som sag, navar og høvlar. Dei fekk òg sjå dømme på ting som var laga med desse verktøya.

Hauso barne- og ungdomsskule var i tunet i samband med temaveka «Hardanger før, no og i framtid». I tillegg

til opplegga «Frå fiber til tråd» og «Gamle verkty» fekk dei omvising – tilpassa dei ulike trinna og med hovudvekt på kvardagslivet i klyngetunet, men òg med innføring i mellomalderhistoria. Elevane fekk òg møta Lars O. Bleie, som i 2021 gav ut boka Glimt frå ein barndom, med historier frå oppveksten i det gamle tunet på Bleie. Lars las frå boka og svara på mange spørsmål om korleis det var å veksa opp i «gamle dagar». Me hadde òg fått inn Aga og Vikebygd bygdekvinnelag, som baka krotekaker i bakstekjellaren. Alle elevane fekk innom og sjå, spørja og smaka.

På Hardanger folkemuseum har me gjennom våren hatt besøk av niande klasse frå Hauso skule. Dei har lært seg å sy hardangersaum under kyndig rettleiing frå formidlingsleiar.

Granvin bygdemuseum

Bygdatunet var ope for besøkande i juli med omvisar slik det har vore i mange år. Kaia Bolstad hadde sommarjobb som museumsvert. Kvar torsdag i juli var det ettermiddagskonsert i Holvensstova.

Konsertane var med Johanna Mjeldheim (hardingfele), Amalie Kinsarvik Tvilde (einradar, toradar og treradar), Svein Laengen Kjerland (hardingfele) og Knut Hamre (hardingfele). Konsertane hadde svært mange tilhøyrar – ved fleire høve måtte folk stå ute og høyra musikken gjennom dørøpninga. Mange av tilhøyrarane i år var gjester på Jaunsen gjestgjevarstad, som var innom og fekk med seg fine kulturopplevingar. Bygdatunets vener hadde god omsetnad av både kaffi og vaflar.

Bunadskjellaren og bunadsutstillinga vart ferdig i mai–juni. Mykje gammalt informasjonsmateriale som har vore nytta på skulen er flytt til skulehuset, men ein god del arbeid står att før denne samlinga kan presenterast på ein god måte.

Nytt informasjonsskilt er kome på plass i tunet. Laurdag 27. august var det arrangert bygdedag i Bygdatunet. Lag og organisasjonar i bygda stilte med ulike aktivitetar. Med godt vêr vart dette ein fin dag med mange framømte.

Den 18. oktober var Palmafossen skule på vitjing i tunet. Vel 200 vitja tunet den dagen. Vertskap Alexander Aga Røynstrand hadde laga til fem stasjonar med ulikt innhald. Dette var interessant og lærerikt for alle, og me fekk god attendemelding frå skulen.

Voss folkemuseum

Det var eit godt besøksår på Voss folkemuseum, med det høgaste besøket sidan 2004. Me kunne igjen skipa til to populære arrangement – joleverkstad og leikedag. I korona-åra var det ikkje råd å få dette til. Leikedagen var ein del av kulturminnedagane på Voss, medan joleverkstaden var i slutten av november. I april var alle sjetteklassane i Voss herad med på eit skuleopplegg om dekor på tre.

I mai hadde me open dag på Nesheimstunet, og dagen var godt besøkt. På programmet stod mellom anna to oppføringar av familieframsyninga «Har du sett nokon gamal kjerring?» med Astri Sudmann og Kari Finne Sognnæs. Framsyninga var finansiert av hardingfela.no. På Mølster, kvar fredag i juli, demonstrerte Voss bygdekvinnelag tradisjonsbaking medan Voss husflidslag demonstrerte ulike handverkstradisjonar. Kvar vekedag i juli heldt Siri Nordgård tre korte toradar-konserten på Mølstertunet.

Voss husflidslag har dei siste åra arbeidd med ei bok om filering. I samband med boklanseringa i juni opna me ei utstilling om filering, «Filerte forkleborder». I Arnfinnsflore på Mølstertunet stod det ei utstilling om tunskipnad.

Gjennom året hadde me fem foredragskveldar inst i basisutstillinga. Dei var jamt over godt besøkt. Den årlege Navnefestivalen hadde opningskonsert på Mølstertunet, med Siri Nordgård og Svein Laingen Kjerland.

Kvam bygdemuseum, Storeteigen

Kvam bygdemuseum, Storeteigen opna sesongen laurdag 12. juni. Kunstnaren Amber Ablett organiserte fleire workshop som del av prosjektet Hvileåret: hvile, vekst og aktivisme, ein 18 månadar langt kunstnarleg prosess på Storeteigen. Tunet var ope kvar søndag i juli. Gjennom sommaren kunne besøkande oppleve pop-opp konsertar med toradarspelaren Ingrid S. Sørheim i Vavollstova. I Torsteinsstova viste Ablett lydkunstverket Dear you.

I tillegg til dei fire søndagane i juli, vart det arrangert tradisjonell jonsokfeiring med 76 besøkande. Dagen vart gjennomført etter gamal modell med bryllupskortesje, bål og hesjing.

Jolefesten måtte flyttast, men me fekk 14 personar innom og feira med nisse, film og leiker. Det vart òg



T.v.: Hvileåret er eit 18-månadars prosjekt knytt til Storeteigen bygdetun. Bak prosjektet står kunstnaren Amber Ablett og gjennom prosjekt-perioden vil du få høve til å oppleva lydverk, delta på workshop og høyra samtalar med inviterte gjester. Foto: Amber Ablett. T.h.: Hardangerfjorden som læringsarena - kurs i å segle tradisjonsbåt. Foto: Silje Ensby, HMV.

arrangert polardag for barnehagar i regi av Bygdagnist. Under halvmaraton i august var både start og mål på Storeteigen, med godt besøk av store og små på tunet. Elles nyttar barnehagane bakkane og grindbygget eit par gonger i veka. Skulen i Øystese er også innom. Desse besøka vert ikkje registrerte.

Den 9. mai var bakstekonene og kulturskulen med Nøringen innom i Vavollstova.

Hardanger fartøyvernssenter

Den pandemi-frie sesong vart opna med ein gratisdag tidleg i mai. Slike gratisdagar er alltid veldig populære og er eit godt tiltak for å auka mangfaldet av besøkande. Alt i alt hadde me 322 gjestar denne dagen. Me held fram med å fremja aktivitetane våre: leikebåtverkstad, aktivitetsløype, roing og minireiparbane. Me har sett opp att knuteverkstaden i år, samt kjøpt inn eit nytt laftesett for born som ein del av aktivitetsbasert formidling av bygningsvern. Me har, som i fjor, hatt mini-konsertar kvar dag på kaia med Ingrid Sørheim på toradar til stor glede for gjestene. Ute på plassen har me fått på plass nye plansjar til båtutstillinga i hamna. Plansjane har fått nye tekstar og nytt design. Stativa er utforma i samarbeid med smeden på HFS og er laga slik at me lett kan byta ut plansjane.

Både i juni og i oktober samarbeidde me med

restauranten Barmen frå Strandebarm om sushi- og sjømatkveld i kafeen. Til saman hadde me over 70 gjester på arrangementa. Slike samarbeid med andre lokale aktørar vert opplevd veldig positivt både eksternt og internt, og er noko me ynskjer å utvikla vidare framover.

Hardanger trebåtfestival gjekk av stabelen i juni, for fyrste gong sidan 2019. På laurdag hadde me eit flott festivalprogram med demonstrasjon av smiing, barking av segl og tjørebrenning. Det var også aktivitetar i småbåtverkstaden, på reiparbana og roing med instruktør. «Mathilde» låg ved kai i festivalområdet i Grova på laurdag, med klatring i riggen i regi av Kvam klatreklubb og fem fagseminar om bord. På sundag var det roing til kyrkja i Vikøy frå Hardanger fartøyvernssenter. Festivalhelga hadde me rundt 2000 besøkande totalt. I juli vart Littlarm arrangert av Kvam Mållag i samarbeid med Bygdalarm. HFS var sponsor for arrangementet, som vart gjennomført i gamle kafeen, og det var om lag 40 gjester på konserten. I august samarbeidde me med Veteranbilklubben i Kvam om det svært populære arrangementet Wings and wheels. I år var området utvida, og det var bilar inne på senteret, parkeringsplassen ved Kulturnaustet og oppe på Kvam Auto. Det var omkring 350 bilar i utstillinga og 3500 besøkande innom denne dagen. Torsdagsforedrag med maritimt tema heldt fram, med tre foredrag gjennomført på våren. Me har også vore arena og vertskap for Kvam

kulturskules tradisjonsprogram Nøringen.

Me har tatt mot mange fleire store grupper på omvising i år enn i dei to siste åra, og me ser at det framleis er interesse for formidlinga vår. Besøkstalet er ikkje heilt på 2019-nivå enno, då me blant anna ikkje har hatt så mange cruise-turistar i år. Men me hadde fleire større grupper mot slutten av sesongen, i august og september, samt ei større mengd individuelle reisande frå Europa enn i fjor.

Den digitale formidlinga på senteret er eit kontinuerleg arbeid. Me forsøker å balansera innlegg om restaureringsprosjekt med å syna fram Hardanger fartøyvernssenter som besøksstad. Me produserte ein ny handverksfilm om hudreip, der me viser heile prosessen frå rå kuhud til ferdig reip. Den er ein del av handverksdokumentasjonen av ein tradisjonell teknikk som ikkje var vore praktisert på nærmare tjue år. Filmen ligg på Facebook og har per januar i 2023 175 000 visningar. I tillegg har me gjennom året publisert mange bildepostar på Instagram som gjev innsikt i dei pågåande aktivitetane i verkstadane. Nytt av året er satsing på «Reels» (korte videoar) på Instagram. Me har jobba med å omarbeida nokre av dei populære Facebook-videoane våre til dette formatet, og i tillegg laga ei rekke nye, som i 2022 hadde litt over 500 000 visningar samla. Ved årsskiftet hadde me 23 667 følgjarar på Instagram og 446 085 følgjarar på Facebook.

Formidling, kurs og rådgeving

Både konsulentar og fagarbeidarar har halde innlegg med ulike tema på ei rekkje seminar og arrangement i regi av private og offentlege verksemder i heile landet, frå Hammerfest i nord til Kristiansand i sør. Dette er i tråd med Riksantikvaren sine forventningar om at me skal møta behovet i fartøyvernet.

Også i 2022 er det utført til dels omfattande dokumentasjons- og rådgevingsarbeid knytt til fleire fartøy, mellom anna desse:

- Galeas «Søblomsten»
- Rutebåten Granvin
- Jakta «Jelse»
- Jakta «Skreien»

I mars arrangerte HFS eit webinar der det vart sett søkelys på tiltak for å unngå at flytande kulturminne vert forringa og øydelagd. Både eksterne og interne folk bidrog med innlegg på webinar, som samla bortimot 50 personar i det digitale møterommet vårt på Whereby.

I juni inviterte Riksantikvaren til fagleg seminar for fartøyvernkonsulentar som jobbar i fylkeskommunar og på dei nasjonale fartøyvernsetra. Seminaret vart gjennomført til åtgaum frå alle i Kristiansand og på Bredalshomen dokk og fartøyvernssenter, og fleire av våre folk heldt innlegg.

I september gjennomførte me det årlege «Nordisk gaffelriggseminar». Denne gongen var det lokalisert til Middelfart i Danmark, der me samarbeidde med «Det lille værft» og Skibsbevaringsfonden. Totalt var me over 90 deltakarar, som gjer dette til det største av dei gaffelriggseminara me har arrangert.

I oktober arrangerte me kurs i søknadsskriving for bygningsvern. Kurset samla rundt 15 lokale personar, og desse fekk møta folk frå Kulturminnefondet, Vestland fylkeskommune og Kvam herad. Desse informerte om tilskotsordningar, rettleia og svara på spørsmål. Leiar for samfunn og utvikling frå Kvam Herad, Jon Nedkvitne, informerte om Kulturminneplanen for Kvam Herad.

Verktøyseminar, med temaet sliping av verktøy, vart gjennomført i november. Seminaret var så populært at ein måtte operera med venteliste.

I november heldt Norsk Foreining for Fartøyvern sitt årlege kurs, Fartøyvernets ABC. Her var me sterkt representert og heldt fleire innlegg.

I 2022 heldt me sjølve teoriundervisning for eigne lærlingar og lærlingar frå Oselvarverkstaden. Det fekk me svært gode tilbakemeldingar på.

Heimesida vår har dei siste åra fokusert på museumstenestene. Ein del av tenestene våre hadde falle ut, men informasjonen er no på plass att. Her har me òg fokus på bygningsvern, smie og reip.

Våre kurs har stort sett vore retta mot fartøyvernsmiljøet, men i 2022 har me også hatt nokre opnare kurs:

- Sein vinteren vart det arrangert kurs i småsløyd. Dette gjekk føre seg over fire kveldar i februar med ti–tolv deltakarar kvar gong.
- I smia vart det halde kurs både vår og haust, og desse kursa er svært populære.
- Til kurset «Lær å segle tradisjonsbåt» kom folk langvegsfrå for å delta. Dette var òg eit populært kurs, som me vil halda fleire gonger.

Hardangerjakta «Mathilde»

Våren 2022 gjennomførte me to veker med museumstokt på Mathilde. Dette året var museumstokta

eit samarbeidsprosjekt med Hardingfela.no, der elevane fekk høyra folkemusikk og prøva seg på folkedans om bord, i tillegg til å læra om sjømannskap og maritim historie. «Mathilde» var fyrst ei veke i Odda, før ho den neste veka segla til ein ny plass kvar dag: Nå, Lofthus, Grimo, Kinsarvik og Jondal.

Me hadde ni leirskuletokt på «Mathilde» i år. Me prøvde å leggja til rette for meir segling på leirskulane, så nokre veker om hausten hadde me fast hamn i Osøyro. Der var det betre seglvind enn inne i fjorden. Mellom leirskuletokta i vår hadde me nokre dagsturar med ein lokal skule og ein barnehage. I sommar hadde me eit tokt i samarbeid med Kysten ung. Det var planlagt ei veke med opne dagsturar i juli, men denne vart dessverre avlyst då me ikkje hadde skipper. I september hadde me tokt med kunstnargruppa «Skifte.Land». Toktet var eit kunstsymposium med fokus på miljø og berekraft som resulterte i ei utstilling på Kabuso.

Me har i år hatt eit mangfaldsrelatert prosjekt på «Mathilde» i samarbeid med Ung Fritid, som er eit tilbod der Kvam kommune organiserer gratis fritidstilbod for lokale familiar, born og ungdom. Me arrangerte dagsturar med «Mathilde» i sommarferien og haustferien. Desse tokta var veldig populære og me hadde lange ventelister, spesielt på familietokta. Det er sett i gang to store oppgraderingsprosjekt på «Mathilde» i år. Det eine er nytt storsegl og det andre er ny motor. Elles er «Mathilde» vore prega av endringar i mannskapet dette året. Det er tilsett ny bestmann, men me er framleis på leit etter ny skipper.

Marknadsføring og reiselivsutvikling

EU og Innovasjon Norge definerer «det grønne skiftet», «digitalisering» og «koronapandemien» som megatrender som gjev globale føringar for utviklinga av reiselivet framover. Etter fleire år med pandemi rasar det i Europa. Straum- og andre kostnader har auka kraftig. Alt dette påverkar naturleg nok marknaden og reiselivsmønsteret.

Nasjonale reiselivsstrategi 2030; ”Sterke inntrykk med små avtrykk”, peikar ut mål og retning for reiselivet på nasjonalt nivå. Desse legg igjen føringar for Fjord Norge og Visit-selskapa me er medlem av. Prioriterte målgrupper er gjestar frå våre nærmarknader, altså Europa. Det vert snakka meir om å samarbeida på destinasjonane. Ein ynskjer gjestar som vert lengre, legg igjen større verdiar

i lokalsamfunnet og som har eit lågare klimaavtrykk. Kulturturisten er ei særleg ettertrakta målgruppe, men dei fleste som kjem er interessert i «naturen, kulturen og levesettet vårt». Me er miljøsertifiserte, formidlar kultur og levesett, og me kan verta «reason to stay» som det heiter, om ikkje «reason to go».

I Øystese er Kabuso ein del av «Opplev Øystese» som består av lokale aktørar som samarbeider, og me har vorte flinkare til å planlegga saman med hotella. Hardanger folkemuseum tilbyr kurs og overnatting på Utne Hotel i kursprogrammet, og me er i ny dialog med Ullensvang hotell. Hardanger Fartøyvernsenter inngjekk i år i ein lokalt pakka og seld Hardangertur, som ikkje vart ein suksess, men som vil bli seld mot turoperatørar i 2023. Agatunet held fram sider-samarbeidet med «Dei historiske hotella» og siderbåten.

Marknadsarbeidet for 2022 har i all hovudsak basert seg på den same marknadsplanen som for 2019, men med auka fokus på samarbeid med lokale partnarar og eit større fokus på segmentering for framtidig marknadsføring mot individuelle besøkande. Den årlege deltakinga på NTW – Norwegian Travel Workshop i Kristiansand, synte ei endring også hjå turoperatørane. Langt fleire var opptekne av tilbodet til individuelle reisande enn tidlegare. Som aktør har me vore vane med å tilby produkt til grupper i all hovudsak gjennom turoperatørar, og me har handtert desse med enkle system. Dersom endringa i marknaden held fram må me vurdere å inngå i bookingsystem.

2022 har likevel vore eit år der me ligg tett opp mot normalåret 2019 for besøkande. Vår del av landet ligg også rett under tala for 2019 når det gjeld overnattingar. Innovasjon Norge si undersøking viser at langt fleire reiste utanlands på ferie i år, men at om lag like mange nordmenn som i fjor ferierte i Noreg. Mange besøkte vener og familie og fleire har vore på konsertar og arrangement. Færre har oppsøkt naturopplevingar og gratisarrangement. Våre avdelingar har hatt noko færre grupper, men fleire individuelle besøkande, både norske, europeiske og oversjøiske. Det er grunn til å tru at Noreg vert rekna som eit trygt reisemål.

Me har jobba tett opp mot Visit-selskapa, med særleg fokus på visuell presentasjon som gode bilete og video. Kvaliteten på tilbodet vårt er høgt, og det må samsvara med det me viser fram til dei som ikkje kjenner oss frå før. Difor sette me hausten 2022 i gang ei revitalisering av profilen vår. Med små tilpassingar

skal marknadsmaterialet vårt framstå meir profesjonelt og attraktivt. Dette materialet skal me i større grad bruka i sosiale medium, men også framleis trykke opp til turistinformasjonar og tavler rundt omkring.

I sommar fekk me langt færre cruisegjester samanlikna med før pandemien. Me rigga for store grupper som ikkje kom. Det krev mykje ressursar og betalar seg ikkje. Me har oppretthalde kontakten med agentane, men ikkje lagt tid i å oppsøke nye selskap. Me prøver derimot å gjera dei utfluktene me er ein del av meir attraktive. For å bli vald som utflukt må presentasjonen av oss forbeholdt, noko me har hatt lite påverknad på.

Fartøyvernssenteret utmerkar seg som liten aktør med stort engasjement for sine handverksvideoar på sosiale medium. Her er utviklingspotensialet stort for dei andre avdelingane. Lojaliteten blant følgjarane til alle avdelingane er derimot høg.

Pandemien gjorde det vanskeleg å gjennomføra gjesteundersøkingar. Nye brukarundersøkingar vart diverre ikkje gjennomførte i 2022, men det kjem i 2023. Dette vil gje oss viktig informasjon om brukarane våre og eit betre grunnlag for å nå nye målgrupper.

Besøkstal og publikumsutvikling

Hardanger folkemuseum hadde eit godt år, med i underkant av 7000 besøkande (6837). Av desse utgjør betalande gjester 4599. Besøkstalet tek seg dermed kraftig opp frå i fjor. Då var besøkstalet om lag 4000, av desse var ca. 2200 betalande gjester. Opninga av landet etter pandemien, med ei gradvis tilbakevending av både den utanlandske gruppemarknaden og stabilt tilsig med norske reisande, kombinert med eit høgare tal gjennomførte konsertar, kurs og utleige av lokalet (til mellom anna minnestunder), ligg bak utviklinga. Agatunet hadde totalt 7064 besøkande gjester, der kring 3500 av desse var betalande. Dette er ein liten nedgang frå 2021. Då hadde me nærare 7500 gjester, av desse var kring 4100 betalande. Nedgangen i besøkstalet heng i hop med ein generell nedgang for Siderbåten. Den nedgangen handlar mellom anna at det i år var færre tilgjengelege datoar for booking for gjestene. Elles har det vore godt tilfang med enkeltbesøkande til tunet, og det er absolutt grunnlag for ei vidareføring av tilbodet knytt til Siderbåten.

På Skredhaugen er det registrert 1203 besøkande totalt, mot 1879 i fjor. Det er gode tal jamført med 2021, som var eit veldig godt år. Då låg Skredhaugen inne som eit

turmål på ein lokal trimkarusell, og det gav utslag på besøket. Onsdagsarrangementa til Venelaget trekkjer eit trufast lokalt publikum. Det er lettare å trekkja folk til konsertar enn til bokprat.

Besøket ved Voss folkemuseum var det høgaste sidan 2004. Det skuldast i hovudsak den nye basisutstillinga «Utsyn mot Voss», som stod ferdig sommaren 2021. Det var auke i alle kategoriar av besøkande, og auken var størst for grupper. Det skuldast at me igjen fekk mange cruise-turistar på besøk. Også talet på enkeltbilletter auka stort.

Besøket ved Hardanger fartøyvernssenter var på 17208. Auken på om lag 10 000 besøkande frå 2021 skuldast at me for fyrste gang etter pandemien gjennomførte både trebåtfestivalen (omlag 2000 besøkande), Wings and wheels (om lag 3500 besøkande) og ei rekke andre arrangement i løpet av året.

Kvam bygdemuseum, Storeteigen hadde 678 besøkande, mange av dei er born som deltek på ulike arrangement. Medrekna i besøket er kunstnarar i totalt 199 gjestedøger.

Borgstova var godt besøkt i sommarhalvåret med 134 personar innom, sjølv om det ikkje var faste opningstider.

I 2022 var det 10 702 besøkande på Kabuso, 462 i Hardanger Skyspace, og 1323 i Ingebrigt Vik museum. 1328 personar var på konsert i perioden. Dette er ein gledeleg oppgang frå 2021. Det var 214 born innom på 16 ulike formidlingsopplegg.



Sidersmaking i Grønestova i Agatunet blir sjeldan feil!
Foto: Line B. Iversen, HVM.



Domestication prosess av Tom Kosmo Foto: Tom Kosmo.



Utstilling med videoverk av den kinesiske samtidskunstnaren Li Binyuan, saman med verk av Vik markerte ny basisutstilling i Ingebrigt Vik museum. Foto: Sissel Lillebostad, HVM.

Kunsthus

HVM skal vektlegga høg kvalitet og aktualitet i kunstformidlinga. Me skal vera ein arena for alle typar kunstuttrykk og ein sentral aktør i regionen på dette feltet. Me skal bidra til auka kunnskap og interesse i regionen for kunst og kultur. Den fylkeskommunale kulturplanen seier at «vegen inn i kunst- og kulturlivet for barn og unge skal ha høg kvalitet og solid struktur på alle nivå. Alle barn skal ha høve til å ta del i og oppleve kunst og kulturuttrykk». Dessutan at «vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder». Me meiner at HVM sitt arbeid med kunstfeltet har hatt ein god retning i året som gjekk.

I 2022 vart me endeleg ferdig med pandemiltaka. Kabuso gjennomførte 23 konsertar og 6 andre arrangement i løpet av 2022. Me arrangerte 16 Bornas Kabuso, både film og kreativt verkstad, og 2 Drink&Draw. I alt fem konsertar vart avlyste, mykje grunna pandemien og tiltaka på vinteren/våren 2022. Året 2022 vart prega av storsatsinga med ny basisutstilling i Ingebrigt Vik museum. I samband med den laga Kabuso ei utstilling med verk av Vik som har vore lite viste dei seinaste åra, saman med videoverk av ein kinesisk samtidskunstnar, Li Binyuan. Til liks med Vik arbeider Li Binyuan med den menneskelege kroppen og korleis den agerer med omgjevningen.

Den nye basisutstillinga kom med nokre praktiske rettleiingar, i tillegg til dei kuratoriske vala. Krav om universell tilgjenge la føringar for korleis bygg og tilkomst skulle fungera. Me valde å flytta inngangen og bygge ein solid rampe og sette inn ei ny dør med elektrisk opning. Eit intimt filmrom for biografien om Vik fekk plass i den gamle inngangen. Det var ein ambisjon at den nye utstillinga skulle vera meir fleksibel enn dei tidlegare, og med eit nytt golv er det lagt til rette for at dei tunge skulpturane enkelt kan flyttast rundt i rommet. Dei ulike praktiske løysingane legg til rette for at dei kuratoriske intensjonane let seg gjennomføra, med større ro og luft kring skulpturane, der monument-utkast, kvinnestudiane og dei mange bystene formar tre distinkte krinsar i museet.

Vestlandsutstillingen var i år kuratert av Espen Johansen, og eitt av arbeida var spesielt laga for Kabuso.

To kunstnarar, Tom Kosmo frå Bergen og Tamrat Gezahegne frå Addis Abeba, Etiopia, fylte kunsthuset frå juli til september. I utstillinga Comfort Blanket malte Kosmo tre verk rett på vegg i tillegg til grafiske trykk, skulpturar og maleri. Gezahegne viste Weagef Symbols, eit alfabet forma for nokre av dei 80 ulike språka i Etiopia.

Hausten opna med eit seglande symposium. Kunstnargruppa Skifte.Land, med Frøydis Lindén, Malin Odell og Sidsel Bonde, inviterte med seg kunstnarar



Videoinstallasjonen The Universal Machine av kunstnarane Åse Løvgren og Stine Gonsholt Foto: Pål Hoff.

og akademikarar, handverkarar og kunnskapshungrige på eit vekelangt tokt med Mathilde frå Sørfjorden til Bergen. Undervegs skipa dei til seminar og føredrag, og både Agatunet og Kabuso fekk besøk før dei ankra opp i Bergen. Dei mange resultatata frå kunstnarane på toktet vart del av utstillinga Fjordtåke Jordmelk, der Åse Løvgren og Stine Gonsholt også viste The Universal Machine, ein videoinstallasjon som omhandlar ei maskin si aukande trong til oversikt.

Parallelt med utstillinga i salen presenterte Søsja Jørgensen og Yngvild Færøy podkasten Folk&dyr i foajeen, ein serie intervju med folk som lever tett på dyr.

Kulturskulen nytta foajeen til å vise elevarbeid dei siste to vekene før jul.

Alle dei engasjerte kunstnarane fekk tilbod om å nytta Kvam bygdemuseum, Storeteigen for opphald i samband med utvikling av utstillinga.

Kabuso samarbeidde med Kraftmuseet om ei utstilling i Lindehuset, Odda. Utstillinga opna 2. juli og var kuratert av Sissel Lillebostad.

Bornas Kabuso auka frekvensen på arrangement i 2022 til to gongar i månaden og hadde til saman 16 arrangement, annankvar gong verkstad og film. Til saman 110 born var innoom klubben i løpet av året. Hausten 2022 byrja me å samarbeida med Hans Pulles og KH Messen i Ålvik om dei kreative verkstadane. Dei leverer kvar gong ein ny kunstnar som utviklar eit eige

opplegg for klubben. Denne hausten var det Narumi og Yuhi Kazama (Japan), Son Seon Kyung (Sør-Korea) og Aud Bækkelund (Noreg).

I konsertsalen gjorde me ferdig den akustiske oppgraderinga, med god hjelp frå dyktige handverkarar frå Hardanger Fartøyvernssenter. Arbeidet er støtta av Kulturrom.

Kabuso satsar framleis på kunsthåndverk frå lokale leverandørar til gåvebutikken. Me sel designartiklar, teikne- og måleutstyr, spel, bøker innan kunst og det kreative feltet, barnebøker og anna utstillingsaktuelle bøker. Me tilbyr også sjokolade frå sjokoladeprodusenten Fjåk i Eidfjord. Det totale salet i butikken har gått ned i samanlikning med 2021.

Skule og barnehage: I januar vart Skyspace vitja av to skuleklassar. Utstillinga Ingebrigt Vik & Li Binyuan hadde besøk av 6 grupper med til saman 77 born som gjennomførte undervisningsopplegg i utstillinga.

Vaksne: Eigeidomsavdelinga i Vestland fylke fekk i juni omvising på Kabuso og i Ingebrigt Vik museum.

Den 3. april presenterte Judith de Haan den internasjonale grafikkutstillinga Double Vision og demonstrerte ulike trykkesnikkar.

Fartøyvern, restaurering

HVM skal i fylgje eigen strategi gje interesserte innan fartøyvern tenester og tilbod med høg etisk og fagleg standard, både handverksmessig og antikvarisk. Me skal sikra og føra vidare

handverkskompetanse gjennom oppdragsprosjekt, dokumentasjon, forskning, opplæring av lærlingar, kurs og seminar. Me skal ha god dialog og godt samarbeid med fartøyeigarar, forvaltning, organisasjonar i frivillig sektor, politikarar, leverandørar og andre aktørar innan fartøyvern. Me kan opptre som ein kommersiell aktør og kan ta oppdrag som ikkje har offentleg støtte. Me skal vera transparente, føreseielege, arbeida planretta og effektivt.

Fartøyvern-arbeidet er oppdragsfinansiert. I 2022 har me hatt 21 oppdrag av noko storleik. Dei fleste oppdraga har me utført på heimebane, men me har òg hatt oppdrag andre stader i landet. Me har vore i Tromsø og gjort ein jobb på «Polstjerna», eit museumsfartøy som ligg i glashus. Ved Nordnorsk Fartøyvernssenter i Gratangen har me vore med og gjort ferdig eit prosjekt. I Rørvik gjorde me òg ferdig eit prosjekt, gavlbåten «Torgunn Katrine», som er bygd i Herand. Båten er eigd av museet Norge. Våre bygningsvern-handverkarar har hatt jobb på Korskirken i Bergen, sett i stand taket på sakristiet i

Øystese kyrkje, og ikkje minst restaurert Myrastovo som er eigd av ein privatperson i Norheimsund. I periodar har me hatt lite å gjera og har då leigd ut ein handverkar til firmaa Tru på tre og Gamle 3hus i Bergen.

I 2022 har me hatt ekstra fokus på HMT. Kvar månad har me hatt vernerundar på alle båtar. Dette er i tillegg til dei ordinære vernerundane som tek for seg heile anlegget. Dette meiner me har hatt positiv effekt. Me har òg implementert og tatt i bruk kvalitetsmanualen i Tidsbanken.

I året som gjekk vart «lakkrommet» oppgradert, og rommet tilfredsstillar no krava frå Arbeidstilsynet. Dette er eit godt og viktig arbeidsmiljø-løft. Den store ombygginga og tilbygget til smia var òg eit stort løft for det fysiske arbeidsmiljøet. I Småbåtverkstaden er det installert ventilasjonsanlegg.

I 2021 fekk me støtte frå Riksantikvaren til å laga eit tjøreverk til reip, det vil seia ei maskin som impregnerer hampegarn med tjøre. I 2022 kom dei siste delane, og i desember 2022 vart tjøreverket prøvekøyrt. Det fungerer heilt etter intensjonen og er ein fryd å bruka. Reipslageren er glad for å sleppa å senda store mengder garn til Gøteborg for tjøring, og for å bruka den midlertidige løysinga i ein container, som har blitt brukt fram til no.

Fornyng og organisasjon

HVM skal vera ein attraktiv og robust arbeidsplass prega av tillit, rausheit og vilje til fornyng. Me skal vera ein fagleg sterk organisasjon. Me skal samarbeida med brukarane våre og leggja til rette for frivillig innsats. I heile 2022 har organisasjonen arbeidd med ny strategisk plan. Leiargruppa har vore mest involvert, men me har hatt møtepunkt der det har vore ulike gradar av involvering. Dei faglege ressursgruppene har vore viktige i prosessen.

Eigarstiftinga til Hardanger fartøyvernssenter har vedteke å fusjonera med Stiftinga Hardanger og Voss museum. Arbeidet med dette har vore vidareført i 2022, men er ikkje heilt i mål.

Samarbeidet mellom Ole Bull Akademiet og HVM har vore bra i 2022. Det har vore regelmessige møte og framgang på sakene. I regi av hardingfela.no skjer det stadig fornyng og utvikling av nye konsept for opplæring og vidareføring.

HVM har eit godt samarbeid med vertskommunane, med fylke og stat både på politisk og administrativt nivå. Me ser dette som eit viktig arbeid og set stor pris på den kontakten og dei møta det fører med seg.

Arbeidet med publikumsutvikling er eit område der me fornyar oss. Dette vil gje oss ny kunnskap om kven brukarane våre er og korleis me skal arbeida for å nå nye brukargrupper.

Som eit tiltak under overskrifta «fornyng» vil me løfta fram arbeidet med å forvalta immateriell kultur og å la handverkskunnskap vera grunnlag for forvaltninga av kulturminne. I restaureringsarbeidet knytt til bygningar og fartøy har samarbeidet mellom handverkarar og konsulentar/arkitekt stått sentralt. Dette har gitt mange gode resultat, mellom anna ved at fleire gløymde handverksprosessar er atterreiste gjennom kontakt med eldre yrkesutøvarar (tradisjonsberarar) og analysar av bygningar, bygningsdelar, fartøy, fartøydeler osv.

HVM er opne for at ulike grupper av folk skal få

prøve seg i arbeidslivet og har til ei kvar tid nokon på praksisplass, arbeidstrening, avklaring e.l. For fyrste gong hadde Voss folkemuseum ein praksiselev frå Voss gymnas. Eleven går på «Sal, service og reiseliv», og var ved museet i tre veker.

I september var heile staben ved Voss folkemuseum på tre-dagars studietur til Oslo. Turen var betalt av museumslaget ved Voss folkemuseum. Dei har betalt slike turar også tidlegare år, og denne gongen var styreleiar i museumslaget med.

Samfunnsrolle

HVM skal tilby opne og inkluderande kulturarenaer der alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet. HVM skal fremja kunstnarleg utvikling og fornyng. HVM skal forvalta, dokumentera og formidla materiell og immateriell kulturarv. HVM skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn til ulike tider, i samspel med verda ikring.

Ut frå det som kjem fram i denne årsmeldinga er vurderinga vår at me jobbar målretta for å nå dei måla Kulturdepartementet sette for tilskota for 2022:

- medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av ypparste kvalitet
- fremja kunstnarleg utvikling og fornyng
- tilby møteplassar og byggja fellesskap, og å
- samla inn, ta vare på, dokumentera og formidla kulturarv

Musea skal utvikla og formidla kunnskap om den materielle og immaterielle historia til menneske og samfunn som har vore til i ulike tidbolkar, i samspel med verda ikring. Forsking og anna kunnskapsutvikling er sentralt i dette arbeidet. Departementet legg til grunn at institusjonen har kompetanse som kan stetta dette.

Kultur- og likestillingsdepartementet legg til grunn at musea sjølve er sentrale aktørar i si eiga utvikling. Profesjonell og solid drift er avgjerande for å få dette til. Trygg økonomi- og ressursstyring, systematiske prioriteringar, godt planverk, god digital kompetanse og effektiv bruk av digitale verktøy, god museumsfagleg kompetanse og godt samspel med andre aktørar

vil framover vera viktige styringsparametrar for museumspolitikken.

Musea si samfunnsrolle eller samfunnsoppdrag ligg i å utvikla og formidla kunnskap om menneska si forståing av og samhandling med omgjevnaden. I dette ligg stor fagleg fridom og samstundes utfordringar for musea med å definera kva som er relevant og viktig i eit samfunnsperspektiv.

Dei regionale kulturplanane for tidlegare Hordaland og Sogn og Fjordane er styrande for løyvingane til musea frå Vestland fylkeskommune. HVM arbeider etter relevante mål i planen til Hordaland.

HVM arbeider med mangfald og inkludering. I organisasjonen er det tilsett personar frå ti land. Gjennom fleire samarbeid med eksterne partar vert det arbeidd med tiltak og prosjekt for å stimulera til mangfald og inkludering. Ei gruppe med representantar frå alle avdelingane har jobba med å laga ein strategi for mangfald og inkludering i HVM. Det er blitt jobba med å etablere ei felles forståing av kva dette fokuset inneber. Museet har eit ynskje om å nå eit breiare publikum og jobba for ei sterkare lokal forankring med ei forståing om at bygdafolket dei siste åra har endra seg. Slik kan me etablere varige relasjonar og skape møteplassar.

Fleire besøksstader har nytta opne dagar med gratis inngang som ein bevisst strategi, enten i samband med opning av utstillingar eller som ei fast månadleg hending. Kafétilbod er sentralt når ein skal senka terskelen for å besøka museet og skapa møteplassar lokalt.

Frivillig arbeid

Kunstgruppa i Agatunet har kuratert kunstutstillingane og er gode støttespelarar i formidlinga av desse. I år kunne kunstgruppa feira litt ekstra i samband med sitt 30 års-jubileum. Jubileumsutstillinga med plakatane til utstillingar gjennom 30 år synleggjorde eit fruktbart samarbeid!

På Skredhaugen har Venelaget gjennomført sine onsdagsarrangement, som i år vart flytte frå juli til juni og august grunna ferieavvikling. Samarbeidet med Venelaget er godt, men dei slit, som andre tilsvarende lag, med rekruttering.

Grimo bygdekvinnelag og Folgefonn Husflidslag var gode samarbeidspartnarar og medarrangørar av Kulturminnedagen 11. september.

Me samarbeider med Folgefonn husflidslag om fleire av handverkskurser våre.

Granvin bygdemuseum er drive i tett samarbeid med det frivillige laget Bygdatunets vener og Voss herad. I midten av september var styret på studietur til Skredhaugen for å læra, henta inspirasjon og gode idear for korleis Løflotstova kan forvaltast framover etter at Alexander Aga Rønstrand flytta ut. Han har i nokre år vore buande vertskap i tunet.

I samband med ny basisutstilling i Ingebrigt Vik museum har me hatt ein dugnadsgjeng av frivillige som har utført eit stort arbeid, både på sjølve bygningen og i arbeidet med ny utstilling.

Ved Hardanger fartøyvernsenter er det oppretta ei veneforeining, førebels med eit interimstyre. Dagen for stiftinga av foreininga var den same som for Stiftinga Hardangerjakt av 1984, 26. september.

«Vennelaget MY Faun» syter for drift og formidling av den verna lystbåten MY «Faun». Dei bidreg dessutan monaleg til vedlikehaldet av båten.

Noko frivillig innsats er utført på MK «Vikingen» i samband med reparasjon av motor.

Motoren til MF «Folgefonn I» er sett i stand ved Norsk Veteranmotor AS, der tidlegare mekanikarar og andre knytt til Wichmann motorfabrikk yter frivillig innsats for å skaffa inntekter til å driva verkstaden.

I fire år har Småbåtverkstaden ved HFS registrert naustmiljø og eldre båtar langs Hardangerfjorden. Mange eigarar er intervjuet, og alle har fått brev med tips om korleis dei kan ta vare på naust og båtar. Dette bidreg

til å bygga opp under det strategiske målet om å leggja til rette for at folk sjølve tek kulturarven vidare.

Gaffelriggseminaret i Middelfart, Danmark, var gjennomført i samarbeid med både frivillige og andre organisasjonar. 96 personar deltok.

Utgreiing om kjønnslikestilling

HVM har aktivitetsplikt, dvs. at me skal setja inn tiltak for å fremja likestilling og hindre diskriminering. Dette gjer me mellom anna ved å oppmoda alle aktuelle søkjarar til å søka på stillingar i HVM. Som oppstillinga under viser er det ein overvekt av kvinner innan visse fag, og overvekt av menn innan andre fag.

Kjønnsfordelinga i HVM var slik i 2022: Av 62 tilsette var 44 % kvinner. 67 % av avdelingsleiarane var kvinner, dette er stillingar med personal- og leiaransvar. Av museumsfagleg tilsette (t.d. formidlingsleiarar) og fagkonsulentar var 82 % kvinner. 5 % av handverkarane og lærlingane var kvinner.

Mellombels tilsette kvinner var 1 og mellombels tilsette menn var 5. Tilsette i deltidsstillingar er høvesvis 8 kvinner og 10 menn. Av desse har 3 kvinner ufrivillig deltidsstilling, og 2 menn ufrivillig deltidsstilling.

Menn tok ut 25 veker foreldrepermisjon i 2022, medan ingen kvinner tok ut foreldrepermisjon.

Lønsskilnader mellom menn og kvinner: Dersom ein ser vekk frå den mannlege direktøren var kvinners løn i leiande stillingar 0,4 % lågare enn menn si løn. For museumsfaglege stillingar og fagkonsulentar var det ikkje skilnader på kvinner og menn si løn. For handverkarar låg kvinner si løn 1,4 % over menn. For administrative konsulentar låg kvinner si løn 2,6 % over menn. For helgevakter låg kvinner si løn 7,9 % under menn si løn.



Småbåtbyggjar Peter Helland Hansen dokumenterar kyrkjebåtar, kyraferger og naust langs fjorden. Foto: Lars A.Oma, HVM.



Grimo bygdekvinneleg stod for varme eplesmultringar på Kulturminnedagen, ein fantastisk måte å nytta eplet på! Foto: Guro Kvalnes, HVM.

Lister

HVM deltar i fylgjande nasjonale fagnettverk:

Nasjonalt museumsnettverk for fiskerihistorie og kystkultur

Nasjonalt museumsnettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern

Nasjonalt museumsnettverk for kunst, arkitektur og design

Nasjonalt museumsnettverk for drakt og tekstil

Nasjonalt museumsnettverk for musikk og musikkinstrument

Fartøyvernssentrene fellesråd

Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen

Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen

Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen

Mellomalderklynga ved Universitetet i Bergen

Andre nettverk/samarbeidspartar

Visit Hardangerfjord AS

Destinasjon Voss AS

Næringsshagen i Hardanger

Ullensvang næringsforum

Næringsshagen på Voss

Norges husflidslag – styreverv

Norsk kulturarv – styreverv

Norsk publikumsutvikling

Virke museums- og reiselivsnettverk

Hardingpuls, tverrfagleg kunstnarforum i Hardanger

Hardingpuls, tverrfagleg kunstnarforum i Hardanger

Publikasjonar

Bøker og årbøker

Hesthammer, Morten 2022. Norske skipsportrettkunstnere. Hardanger og Voss museum, Norheimsund 2022.

Helleve, Eirik (red.) 2022. Gamalt frå Voss. Voss bygdeboknemnd, Voss folkemuseum og Voss sogelag. (Årboka kom ut for 54. gong, var på 237 sider, og hadde 18 artiklar. Eirik Helleve var redaktør, medan Kjell Herheim var biletredaktør.)

Hefte

Helleve, Eirik: Tolv som utmerka seg.

I heftet er det samla tolv historiske portrett som vart trykte i avisa Hordaland i 2021.

Helleve, Eirik og Helena Kjepso: Utsyn mot Voss. Utstillingskatalog om den nye basisutstillinga. I tillegg til tekstar av Helleve og Kjepso inneheld heftet tekstar av Hans-Erik Ringkjøb (ordførar i Voss herad), Per Morten Ekerhovd (avdelingsdirektør kultur, miljø, inkludering i Vestland fylkeskommune), Lise Christensen (Vill, produsent av utstillinga), Brita Tveite (tidlegare undervisningsleiar Voss folkemuseum) og Arne Anderdal (høgskulelektor, Ole Bull Akademiet).

Eriksen, Anne Lise Brask: Krot i

røykstova - ein gløymd kvinnetradisjon. Hardanger folkemuseum 2022.

Artiklar

Helleve, Eirik: «Nils J. Finne – ordførar i 17 år», i Gamalt frå Voss, 54. årgang

Herheim, Kjell: «Augneblinken», i Gamalt frå Voss, 54. årgang

Herheim, Kjell: «Fotografia fortel». Kvar veke levert Herheim tekst og bilete til ei fast spalte i avisa Hordaland.

Hesthammer, Morten: «Kva skjer med fartøyvernssentrene?», i Damskibsposten nr 123/ 1-2022

Hesthammer, Morten: «Fjordomseiling med gaffelrigg», i Kysten

Kjepso, Helena: «To primstavar», i Hardanger 2022

Kristiansen, Åsmund: «Klimaomstilling i fartøyvernet. Hvordan kan frivilligheten bidra?», i Damskibsposten nr. 124/ 2-2022

Artiklar på nettstaden fartøyvern.com

- «Eg minnest vel i frå gamle daga då skuta tøffa på denne fjord». Av Elisabet Janssen
- «Plikt og prøvelser – R/S 49 'Willie Wilhelmsen' i krig og kildekritikk». Av Elisabet Janssen

Rapportar om fartøyvern

01-22	Tilstandsvurdering av riggen på Ishavsskuta «Polstjerna»	Synfaringsrapport	Morten Hesthammer
02-22	Tilstandsvurdering Vaarsol	Synfaringsrapport	Ivar Hoflandsdal
03-22	Tilstandsvurdering Kristina	Synfaringsrapport	Ivar Hoflandsdal
04-22	Tilstandsvurdering Vita	Synfaringsrapport	Ivar Hoflandsdal
05-22	Tilstandsvurdering LIRJ «Urda» ex AAMNES ex JQFS URDA	Synfaringsrapport	Elisabet Janssen
06-22	Teknisk-historisk dokumentasjonsrapport	THD	Elisabet Janssen
07-22	Undersøking av gjenstandar og dokumentasjonsstatus på «Fredrikshald I»	Undersøking	Håvard Gjerde
08-22	Rapport fra restaurering Sjøgutt	Restaureringsrapport	Silje Hausberg Tjosås
09-22	Tilstandsvurdering Slepebåten Kvikk	Synfaringsrapport	Morten Hesthammer
09-22	M/G Torgunn Kathrine, rapport etter arbeid på styrehus	Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
09-22	M/S Straumingen	Restaureringsrapport	Morten Hesthammer
12-22	M/S Polstjerna, kapping av mast	Rapport etter arbeid	Morten Hesthammer
13-22	M/S Snøgg, synfaring	Synfaringsrapport	Morten Hesthammer
14-22	Kongesjaluppen	THD	Lars Arvid Oma
15-22	Havbris, tilstandsvurdering	Tilstandsvurdering	Thor Inge Haltvik/Morten Hesthammer
16-22	Kongesjaluppen	Tilstandsvurdering	Ivar Hoflandsdal

Podkast

Folk & Dyr, ein podkast av Yngvild Færøy og Søsja Jørgensen, var tilgjengeleg på Kabuso 1.10.–4.12. Publikum kunne låna spelar med øyreklokker i resepsjonen eller lasta podkast ned på eigen mobil. Ein kan også lytta til podkasten frå nettsida. I podkasten rettar kunstnarane øyrene mot dyra i øykommunen Solund i Vestland fylke og intervjuar fleire med nær kontakt med dyra på øyene.

Webinar

Levetidsforlengande tiltak på verneverdige fartøy. 31.3.2023. kl. 12.00–15.00 (ikkje opptak). Kvalitet i hampe tau. 16.6.2023. Opptak ligg her: <https://www.youtube.com/watch?v=P6nMeldALI8>

Konsertar og arrangement i Agatunet

14. mai: Konsert med Lajla Storli og Jon Ole Morken i samband med første opningshelg i tunet.

21. mai: Sesongopning med opning av hovudutstillarar i tunet. Ei fullsett Asbjørnsløa fekk med seg opninga av utstillingane til Ove Harder Finseth og Ingerid Jordal. Programmet var spekka med innlegg frå Else Marie Sandal, frå begge kunstnarane, frå jeger Hildegunn Espe, frå formidlingsleiar Agnete Sivertsen og musikalske innslag som ramma det heile inn.

31. mai: Opning av jubileumsutstillinga til Kunstgruppa, i samband med 30-årsjubileet til gruppa.

12. juni: Teater og utstillingsopning. Opning av kulturskulen si utstilling Ung og lovande, og framsyning av kulturskulen si oppsetning av Peer Gynt i Asbjørnsløa.

29. juni: Opning av barnehageutstillinga På garden

Faste dagar i juli: Solokonsertar med Svein Kjerland på hardingfele.

Fredagar i juli:/august Baking av krotekaker i bakstekjellaren.

19. september: Seminar. Klyngetunet, til inspirasjon eller irritasjon. I samarbeid med kunstgruppa Skifte. Land som var i Hardanger med prosjektet (F)jorden, eit flytande symposium, og Ullensvang kommune.

28. oktober: Konsert. Mellomalderballaden Åsmund Fregdagjeva med Ingebjørg Lognvik Reinholdt.

11. desember: Framsyning av førestillinga Har du sett nokon gamal kjerring med Astri Sudemann og Kari Finne Sognnæs.

Konsertar og arrangement på Hardanger folkemuseum

1. april: Ein hyllest til Halldor Meland. Konserten til ære for spelemannen Halldor Meland var fleire gonger utsett på grunn av, men endeleg var det dags for å opna dørene og ønskja publikum velkomen til konsert. Med kring 80 personar i salen vart det ein heidundrande aften.

4. april: Skautedag. I samband med opptaktene til 17. mai inviterte museet inn til eit uformelt treff der publikum kunne koma med sine skaut og læra meir om korleis ein kunne ta det i bruk. Formidlingsleiar Agnete Sivertsen innleidde med ein kort historikk og innføring i korleis ein set på eit koneskaut frå Hardanger, før dei framfotte kunne prøva det ut. Det vart hektisk prøving og mange hender i sving på loftet.

8. mai: Sesongopning på Utne med konsert med Sigrid Moldestad og band. Som del av sesongopninga på HFU var det konsert i Storsalen med Sigrid Moldestad. Ein fullsett sal fekk ei stemningsfull stund med Moldestad og hennar kyndige musikarar.

8. mai: Opning av fruktstien i museumshagen. Som del av sesongopninga på HFU vart fruktstien i museumstunet høgverdig opna med tale frå ordførar i Ullensvang kommune Roald Aga Haug, og styreleiar i Hardanger folkemuseum Knut Nes.

11. juni: Diktardagen. Årets prisvinnar Steinar Opstad la ned steintavla si i diktarstien oppe i museumstunet før det vart litterær samtale med prisvinnar, etterfylgt av konsert med Elisabeth Vatn og Anders Røine nede i museumsbygget. Tilskipinga er eit samarbeid mellom Hardanger folkemuseum og Olav H. Haugesenteret i Ulvik.

Faste dagar i juli: Solokonsertar med Svein Kjerland på hardingfele.

Tysdagar i juli: Baking av krotekaker i eldhuset, museumstunet.

11. september: Kulturminnedagen 2022. Som ei markering av den nasjonale kulturminnedagen vart det skipa til open dag på museet. Det var eit mylder av aktivitetar både oppe i museumstunet, nede i administrasjonsbygget. Midt på dagen var det duka for ei framsyning av førestillinga «Har du sett nokon gamal kjerring» med Astri Sudmann og Kari Finne Sognnæs. Dei spela for eit fullsett klasserom i den gamle skulestova.

25. september: Bukkene bruse – konsert. Den legendariske folkemusikkgruppa beståande av Annbjørg Lien, Arve Moen Bergset og Steinar Ofsdal kom til Utne som ein del av turneen Vestafolk, ein turne i regi av Førdefestivalen.

30. september: Rørospolos og telemarksslåttar – konsert med Kuraas og Meyer Fjeld Eit fint møte mellom to spennande tradisjonar. Akustisk konsert i møtelokalet

13. november: Mjøs og Stubsveen – konsert Fin konsertoppleving med dyktige utøvarar

8. desember: Jolaveitla. Tradisjonsrikt samkome for tilsette ved HFU og gode samarbeidspartnarar i området

Konsertar og arrangement på Skredhaugen

26. mai: Sesongopning med utstillingsopning og konsert med Rannveig Dønne.

Faste dagar i juli: Solokonsertar med Svein Kjerland på hardingfele.

3. august: Onsdagsarrangement i regi av Venelaget – Bokprat med Karl Ystanes – Laksefiske

10. august: Onsdagsarrangement i regi av Venelaget – Reiselivet i Hardanger v/ Knut Markhus

17. august: Onsdagsarrangement i regi av Venelaget – Bordsete med sidersmaking

24. august: Framsyning av førestillinga Har du sett nokon gamal kjerring med Astri Sudmann og Kari Finne Sognnæs.

Utstillingar Kabuso og Ingebrigt Vik museum

3.1.: På leit mellom plikt og fridom – Hardanger – & co. Aleks Wildhagen/PatrikEntian/Jens Hamran.

12.2–14.4.: Ingebrigt Vik og Li Binyuan. I foajeen: Den internasjonale grafikkutstillinga Double Vision

7.5–5.6.: Vestlandsutstillingen, Monument. Kurator: Espen Johansen

25.6–18.9.: Tom Kosmo: Comfort Blanket
I foajeen: Tamrat Gezahegne: Weagef Symbols

1.10. –30.12.: Skifte. Land, (Frøydis Lindén, Malin Odell og Sidsel Bonde), samt Åse Løvgren og Stine Gonsholt: Fjordmelk Jordtåke. I foajeen

1.10–4.12.: Søssa Jørgensen og Yngvild Færøy: Folk&dyr. I foajeen

10–18.12.: Kulturskulen i Kvam

11.6.: Opning av ny basisutstilling i Ingebrigt Vik museum

Samarbeidspartnarar

- Borealis
- Kulturskulen
- Hardingtonar
- Edvard Grieg International competition
- Bygdapride
- Vestlandsutstillingen
- Vestnorsk jazzsenter
- Kraftmuseet

Konsertar og arrangement i Kabuso og Kvam bygdemuseum Storeteigen

- 20.1 Benedicte Maurseth
- 5.2 Siril Malmedal Hauge / Jacob Young
- 11.2 Drink&Draw
- 13.2 Bornas Kabuso: Film Apestjernen
- 17.2 Stein Urheim & Kosmolodiensemblet
- 20.2 Pandemic Solution

- 26.2 Visning av film: Tvillingsong av Anne Tveit Knutsen
- 27.2 Odisea 4tet
- 27.2 Bornas Kabuso: Kreativ verkstad, masker
- 13.3 Bornas Kabuso: Film Katteprinsen
- 27.3 Bornas Kabuso: Kreativ verkstad
- 3.4 Christina Dahl Quartet
- 8.4 Espen Eriksen Trio
- 10.4 Bornas Kabuso: Kreativ verkstad og Film Ville vestens datter
- 23.4 Kakaokonsert
- 24.4 Bornas Kabuso: Førestilling: med Astri Sudmann og Kari Finne Sognnæs
- 29.4 Drink&Draw
- 5.5 Susanne Lundeng
- 7.5 Borealis unge komponister
- 8.5 Bornas Kabuso: Film Rattatouille
- 14.5 Signe Førre
- 22.5 Bornas Kabuso: Verkstad
- 28.5 Bygdapride
- 9.6 Hardingtonar
- 30.8 Edvard Grieg Piano Competition
- 1.9 Vigdis Hjorth & Tilbod og etterspørse
- 2.9 Baker Hansen
- 10.9 KVELD Kristin Bolstad i Skyspace
- 11.9 MORGON Kristin Bolstad i Skyspace
- 11.9 Bornas Kabuso: Verkstad
- 17.9 Karl Bjorå
- 27.9 Bornas Kabuso: Film Se opp!
- 1.10 Stein Torleif Bjella
- 9.10 Bornas Kabuso: Verkstad
- 22.10 Kakaokonsert
- 23.10 Bornas Kabuso: Film Løvenes konge
- 27.10 Ruth Lillegraven / Agnes Ravatn / Annlaug Børsheim
- 29.10 Stig Ulv
- 6.11 Ketil Bjørnstad
- 9.11 Bornas Kabuso: Verkstad
- 9.11 Kari Bremnes
- 20.11 Bornas Kabuso: Film En katt i Paris
- 26.11 Ine Hoem og Edvard Hoem
- 4.12 Bornas Kabuso: verkstad
- 8.12 Halvor Folgerø
- 10.12 Kakaokonsert
- 18.12 Bornas Kabuso: Film Jul i Flåklypa

Hvileåret mini-residency 2022, Kvam bygdemuseum Storeteigen:

23. –25.9.: Ro Averin, Equity and Social Justice Pedagog, konsulent og skribent.

7. –9.10.: Eva Rowson, kunstner, kurator og dagleg leiar i Bergen Kjøtt.

20.10.: Lukka verkstad organisert av Stacy Brafield.

21. –23.10.: Isak Bradley, musiker og styreleder i Pasientorganisasjonen for Kjønnssinkongruens.

3.11.: Lukka verkstad med Wild Thingz, queer lesegruppe frå KMD.

4. –6.11.: Vikram Kolmannskog, poet, professor ved Norsk Gestaltinstitutt.

Hardingfela.no

- Deltaking på møter og rådgjeving i samband med danseprosjekt i Ullensvang kommune gjennom lokal DKS. Her har ein òg vore delaktig i arbeidet med å arrangera lokale møteplassar for dans i samband med dette danseprosjektet.
- Møte og statusoppdateringar/dialog med lokale ressurspersonar om lokale aktivitetar.
- Framlegging av arbeidet med revitaliseringa av Sørfjordspringartradisjon på nasjonalt arkivseminar for folkemusikkarkivarar.
- Møte med dagleg leiar i Sogn og Fjordane folkemusikklag i høve aktivitetar og tiltak me kan hjelpa kvarandre med.
- Samarbeid med ulike kommunar i Voss/Hardanger i høve førebuande arbeid om utviding av distriktsmusikarordninga.
- Mykje rådgjeving til andre regionar som ynskjer å starta opp liknande satsing som «Nøringen», t.d. møte med Ål kulturskule og Sprang dansescene på Ål, div. kulturskular i Telemark m.m.



Kulturskolen frå Jondal sette opp «Sirkus Peer» i Asbjørnsløa, på Agatunet sommaren 2022. Foto: Line B. Iversen, HVM.



Snorklipping av Hanna Geiran med tøff reiskap. Foto: Lars A. Oma, HVM.



Mathilde. Foto: Straume Media.



Gullregnen i Agatunet.
Foto: Line B. Iversen, HVM.




Aktivitetsdag på Voss folkemuseum
Foto: Kjell Herheim, HVM.



Filerte forkleboder- tradisjon og mangfald på Voss folkemuseum.
Foto: Kjell Herheim, HVM.



Jolaverkstad på Voss folkemuseum.
Foto: Kjell Herheim, HVM.



Fotoutstillinga «She hunts» var ei sterk oppleving.
Foto: Line B. Iversen, HVM.

Resultatrekneskap

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	Note	2022	2021
Driftsinntekter			
Salgsinntekter		21 088	16 087
Tilskot og gåver	1	47 034	46 520
Sum driftsinntekter		68 122	62 607
Driftskostnader			
Varekostnader		4 386	3 751
Personalkostnader	2	41 167	36 380
Av- og nedskrivninger	3	1 433	1 379
Andre driftskostnader	4	22 173	20 801
Sum driftskostnader		69 159	62 311
Driftsresultat		-1 037	296
Finansposter			
Andre finansinntekter		360	248
Andre finanskostnader		190	156
Resultat av finansposter		170	92
Årsresultat		-867	388
Disponering av årsresultat			
Til/frå anna eigenkapital		867	-388
Sum disponering		867	-388

Balanse

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	Note	31.12.2022	31.12.2021
Eigendelar			
Immaterielle eigendelar			
Lisensar, kjøpt		94	115
Sum immaterielle eigendelar		94	115
Anleggsmidler			
Eigedom		21 197	20 542
Inventar, maskiner og utstyr		1 446	1 610
Transportmidlar		123	144
Ikkje avskrivbare anleggsmidler		3 875	3 875
Sum varige anleggsmidler	3	26 641	26 169
Finansielle anleggsmidler			
Eigenkapitalinnskott pensjon	5	1 685	1 557
Sum anleggsmidler		28 326	27 726
Omløpsmidlar			
Varer	6	5 131	4 619
Kundefordringar	7	4 724	2 348
Andre fordringar	7	6 034	4 846
Bankinnskott, kontantar og liknande	8	12 740	13 296
Sum omløpsmidlar		28 629	25 110
Sum eigendelar		57 049	52 952
Gjeld og eigenkapital			
Eigenkapital			
Innskutt eigenkapital			
Grunnkapital		279	279
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		14 804	15 671
Sum eigenkapital	9	15 082	15 949
Grunnkapital		279	279

Langsiktig forplikting

Pensjonsforplikting	5	19 482	15 261
Uopptent investeringstilskot		1 609	1 974
Sum langsiktig forplikting		21 091	17 236

Langsiktig gjeld

Lån i bank	7,10	3 879	4 251
Sum langsiktig gjeld		3 879	4 251

Kortsiktig gjeld


Leverandørgjeld		3 771	5 368
Skuldige offentlege avgifter		1 933	1 526
Skuldige feriepengar		3 455	3 220
Forskotsbetalingar	11	7 332	4 925
Anna kortsiktig gjeld		505	477
Sum kortsiktig gjeld		16 997	15 516
Sum gjeld		41 967	37 003
Sum eigenkapital og gjeld		57 049	52 952

Øystese, 22. februar 2023


Lars Mossefinn
Styreleiar

Solfrid Borge
Styremedlem

Asbjørn Tolo
Styremedlem

Silje Ensby
Styremedlem

Agnete Sivertsen
Styremedlem

Hans Jørgen Andersen
Styremedlem

Elisabeth Wesenlund Hauge
Styremedlem

Åsmund Kristiansen
Direktør

Kontantstrømoppstilling

Indirekte modell

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	Note	2022	2021
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter			
Resultat før skattekostnad		-867	389
Gevinst/tap ved sal av anleggsmidler		0	0
Askrivingar	3	1 433	1 379
Endring i varelager	6	-512	-371
Endring i kundefordringar	7	-2 376	-1 686
Endring i leverandørgjeld		-1 596	2 878
Endring i andre tidsavgrensingsposter		8 975	-228
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		5 058	2 360
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter			
Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel		-5 242	-4 783
Utbetalingar ved kjøp av immaterielle eigendeler		0	0
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	3	-5 242	-4 783
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter			
Utbetalingar ved nedbetaling av langsiktig gjeld		-372	-286
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	7	-372	-286
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar			
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar		-556	-2 708
Effekt av valutakursendringar på kontantar og kontantekvivalentar		0	0
Kontantar og kontantekvivalentar per 01.01.		13 296	16 004
Kontantar og kontantekvivalentar per 31.12.		12 740	13 296

Notar til årsrekneskapen 2022

Rekneskapsprinsipp

Hardanger og Voss museum vart etablert som stifting den 17. januar 2006 under namnet Hardanger museum med forretningsstad 5778 Utne. Frå 1.1.2008 vart Voss folkemuseum konsolidert med Hardanger museum, museet endra då namn til Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum som består av einingane Hardanger Fartøyvernssenter, Kabuso, Ingebrigt Vik museum, Hardanger Skyspace, Kvam bygdemuseum, Hardanger folkemuseum, Agatunet, Granvin bygdemuseum og Voss folkemuseum. Stiftelsen Dagestadmuseet fusjonert per 1.1.2016 med stiftinga Hardanger og Voss museum. Stiftelsen Herand aktiesagbruk fusjonerte med museet per 1.1.2019.

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapskikk.

Bruk av estimat

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av museet sine rekneskapsprinsipp at leiinga må utøve skjønn. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsmessige vurderingar, høg grad av kompleksitet eller område der forutsetningar og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er beskreve i notane.

Salsinntekter

Inntekter ved sal av varer og tenester vert vurdert til verkeleg verdi av vederlaget, netto etter frådrag for meirverdiavgift, returar, rabattar og andre avslag. Sal av varer vert resultatført når stiftinga har levert produkta sine til kunden og det ikkje er uoppfylte forpliktingar som kan påverke kunden sin aksept av leveringa. Levering er ikkje foretatt før produkta er sendt til avtalt stad og risiko for tap og ukurans er overført til kunden. Erfaringstal vert brukt for å estimere og rekneskapsføre avsetningar for rabatt og retur på salstidspunktet. Avsetning til forventa garantiarbeid vert ført som kostnad og avsetning for forpliktingar. Sal av tenester vert inntektsført etter kvart som dei vert utført.

Tilskot og gåver

Mottatte tilskot med klare føringar på bruk vil vere

gjenstand for periodisering til tilhøyrande aktivitetet. Gåver vert inntektsført på mottakstidspunktet.

Leigeavtalar

Leigeavtalar vert klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med avtalens reelle innhald. Dersom det vesentlegaste av økonomisk risiko og kontroll knytt til det underliggende leigeobjektet har gått over på leigetakar vert leigeavtalen klassifisert som finansiell, og eigendeler og forpliktingar vert balanseført. Andre leigeavtalar vert klassifisert som operasjonelle. Ein leigeavtale som inneheld både ein rett og ei plikt til å kjøpe leigeobjektet ved utløpet av leigeperioden vert vurdert som kjøp på avbetaling.

Klassifisering av balansepostar

Eigendelar bestemt til varig eige eller bruk vert klassifisert som anleggsmidlar. Eigendelar som er knytt til varekretsløpet vert klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar vert klassifisert som omløpsmidlar dersom dei skal tilbakebetalast i løpet av eitt år. For gjeld vert analoge kriteriar lagt til grunn. Fyrste års avdrag på langsiktige fordringar og langsiktig gjeld vert likevel ikkje klassifisert som omløpsmidlar og kortsiktig gjeld.

Anskaffelseskost

Anskaffelseskost for eigendeler omfattar kjøpesummen med frådrag for bonus, rabatt og liknande, og med tillegg for kjøpsutgifter (frakt, toll, offentlege avgifter som ikkje vert refundert på andre direkte kjøpsutgifter). Ved kjøp i utanlandsk valuta vert eigendelen balanseført til kursen på transaksjonstidspunktet. For varige driftsmidlar og immaterielle eigendelar omfattar anskaffelseskost og direkte utgifter for å klargjere eigendelen til bruk, for eksempel utgifter til testing av eigendelen. Renter knytt til tilverknad av anleggsmidlar vert kostnadsført.

Immaterielle eigendeler

Utgifter til eigne utviklingsaktivitetar vert løpande kostnadsført. Utgifter til andre immaterielle eigendeler vert balanseført i den grad det kan identifiserast ein framtidig økonomisk fordel knytt til utvikling av ein identifiserbar

immateriell eigendel og utgiftene kan målast påliteleg. I motsett fall vert slike utgifter løpande kostnadsført. Belanseført utvikling vert avskriven lineært over økonomisk levetid.

Varige driftsmidlar

Tomter og kunst vert ikkje avskrive. Andre varige driftsmidlar vert balanseført og avskrives lineært over driftsmidlane si forventa utnyttbare levetid. Ved endring i avskrivingsplan vert verknaden fordelt over gjenværande avskrivingsstid ("knekkpunktmetoden"). Vedlikehald av driftsmidlar vert løpande kostnadsført som driftskostnader. Påkostningar og forbetringar vert tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrives i takt med driftsmiddelet. Skiljet mellom vedlikehald og påkostning/forbedring vert rekna i høve driftsmiddelet sin tilstand på anskaffelsestidspunktet. Leigde (leasa) driftsmidlar vert balanseført som driftsmidlar om leigekontrakten er å ansjå som finansiell.

Investeringstilskot er primært øymerka ein spesifikk investering og vert registrert etter nettometoden for å få betre samsvar mellom verkeleg verdi og framtidige kontantstrømmar. Unntaket er dersom verkeleg verdi er vurdert å vere intakt. Investeringstilskota vert då registrert etter bruttometoden som langsiktig gjeld i balansen og resultatført i takt med avskrivingsprofilen på tilhøyrande driftsmiddel.

Nedskriving av anleggsmiddel

Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi vert det testa for verdifall. Testen vert gjort for det lågaste nivå av anleggsmidlar som har sjølvstendige kontantstrømmar. Dersom balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og gjennvinnbart beløp (noverdi ved fortsatt bruk/eige), vert det foretatt nedskriving til det høgaste av salsverdi og gjennvinnbart beløp. Tidlegare nedskrivingar, med unntak for nedskriving av goodwill, vert reversert dersom føresetnadene for nedskriving ikkje lenger er til stades.

Varelager

Varer vert vurdert til det lågaste av anskaffelseskost (etter FIFO-prinsippet) og verkeleg verdi. For råvarer vert

gjenanskaffelseskost brukt som tilnærming til verkeleg verdi. For ferdig tilverka varer og varer under tilverknad består anskaffelseskost av utgifter til produktutforming, materialforbruk, direkte løn og andre direkte og indirekte produksjonskostnader (basert på normal kapasitet). Verkeleg verdi er estimert salspris fråtrukke utgifter til ferdigstilling og sal. For varer som ikkje er ferdig tilverka vert variable utgifter som er naudsynt for å selje ferdige varer og faste tilvirkningskostnader inkludert.

Anleggskontrakter

Arbeid under utføring knytt til fastpriskontraktar med lang tilvirkningstid vert vurdert etter løpande avreknings metode. Fullføringsgrada vert berekna som påløpte kostnader i prosent av forventa totalkostnad. Totalkostnaden vert løpande revurdert. For prosjekt som antas å gje tap, vert heile det berekna tapet umiddelbart kostnadsført.

Fordringar

Kundefordringar vert ført i balansen etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap vert gjort på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane og ei tilleggsavsetning som skal dekke andre pårekelege tap. Vesentlege økonomiske problem hjå kunden, sannsynligheit for at kunden vil gå konkurs eller gjennomgå økonomisk restrukturering, utsettingar og manglar ved betaling vert brukt som indikator på at kundefordringar må nedskrivast.

Andre fordringar, både omløpsfordringar og anleggsfordringar, vert registrert til det lågaste av pålydande og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er noverdien av forventa framtidige innbetalingar. Det vert ikkje foretatt ei neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentleg for rekneskapskapen. Avsetning til tap vert vurdert på same måte som for kundefordringar.

Utanlandsk valuta

Fordringar og gjeld i utanlandsk valuta vert vurdert etter kursen ved rekneskapsåret sin slutt. Kursgevinstar og kurstap knytt til varesal og varekjøp i utanlandsk valuta vert ført som salsinntekt og varekostnad. Stiftinga brukar ikkje terminkontraktar.

Gjeld

Gjeld, med unntak for enkelte avsetningar for forpliktingar, vert balanseført til nominelt gjeldsbeløp.

Garantiarbeid/reklamasjonar

Garantiarbeid/reklamasjonar knytt til avslutta sal vert vurdert til antatt kostnad for slikt arbeid. Estimaten vert berekna med utgangspunkt i historiske tal for garantiarbeid, men korrigert for forventede avvik på grunn av for eksempel endring i kvalitetssikringsrutiner og endring i produktspekter. Avsetninga vert ført opp under "Anna kortsiktig gjeld" og endring i avsetninga vert kostnadsført.

Pensjon

Stiftinga har ytelsesbasert pensjonsordning. Pensjonsordninga er finansiert gjennom innbetalingar til forsikringsselskap, med unntak av AFP-ordninga.

Ytelsesplanar

Ein ytelsesplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Typisk er ein ytelsesplan ei pensjonsordning som definerer ein pensjonsutbetaling som ein tilsett vil motta ved pensjonering. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar som alder, antal år i selskapet og løn. Den balanseførte forpliktinga knytt til ytelsesplanar er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap), justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnader knytt til tidlegare periodars pensjonsopptening. Pensjonsforpliktinga vert berekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Planendringar vert amortisert over forventede gjenverande oppteningsstid. Det same gjeld estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige forutsetnadene, i den grad dei overstig 10% av den største av pensjonsforpliktinga og pensjonsmidlane (korridor).

Skattar

Stiftinga er ikkje skattepliktig.

Kontantstrømoppstilling

Kontantstrømoppstillinga vert utarbeida etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalenter omfattar kontantar, bankinnskott og andre kortsiktige likvide plasseringar som umiddelbart og med uvesentleg kursrisiko kan verte konvertert til kjende kontantbeløp og med gjenverande løpetid mindre enn tre månader frå anskaffelsesdato.

Note 1

Tilskot og g aver

<i>Bel�p i tusen norske kroner</i>	2022		2021	
	Bel�p	Prosent	Bel�p	Prosent
Statlege tilskot inkl. g�aveforsterking	12 835	27 %	15 612	34 %
Fylkeskommunale tilskot	21 832	46 %	16 294	35 %
Kommunale tilskot	2 268	5 %	2 191	5 %
Riksantikvaren	8 013	17 %	9 969	21 %
Andre tilskot og g�aver	2 085	4 %	2 454	5 %
Sum	47 034	100 %	46 520	100 %

Tilskota består av ordin re driftstilskot, prosjekttilskot, sponsorst tte og anna. Tilskot og g aver utan bindingar vert registrert brutto og klassifisert som driftsinntekter i resultatet i den perioden dei er meint   dekke. Tilskot med konkrete bindingar vert inntektsf rt i tr d med bruken av midlane. Tilskot til investeringar vert registrert netto som reduksjon av kostpris i balansen. L rlingetilskot vert ikkje f rt som tilskot, men som l nsrefusjon.

Dei viktigaste tilskota var:

Ordin rt driftstilskot i 2022 fr  Kulturdepartementet var 12,835 mill. kroner (2021: 13,181 mill. kroner), inklusive ekstra korona-tilskot p  0,3 mill. kroner.

Ordin rt driftstilskot i 2022 fr  Vestland fylkeskommune var 12,323 mill. kroner (2021: 13,007 mill. kroner). I tillegg vart det l yvd kr 1,061 mill.kroner til bygningsvernkonsulent Hardanger og Voss. Det vart og l yvd kr 1,3 mill.kroner til vedlikehald av fart y. Av desse vart det brukt kr 1,1 mill kroner. Vestland fylkeskommune gav og prosjekttilskot p  tilsaman kr 6,9 mill.kroner. Dette var fordelt til forskjellige prosjekt, med anna til restaurering av ferja MF Folgefonn p  kr 4,6 mill. kroner, publikumsformidling Folgefonn, reparasjon av Nesjastova ved Hardanger folkemuseum, sprinkling Agatunet, Hardingfela.no m.m.

Driftstilskot til fellestenester i 2022 fr  Riksantikvaren var 7,833 mill. kroner (2021: 5,907 mill. kroner) tillegg var det kr 0,2 mill. kroner i prosjekttilskot fr  Riksantikvaren.

Driftstilskot fr  kommunane var p  2,2 mill.kroner, samt at det var gitt kr 0,1 mill. kroner i prosjekttilskot fr  kommunane.

Kulturr det har gitt tilskot til konsertar p  0,5 mill. kroner, samt 0,4 mill. kroner til basisutstilling p  Ingebrigt Vik museum.

Av andre tilskot har me f tt st tte fr  Enova til dekning av straumkostnader p  kr 0,2 mill. kroner, frikj p av tilsett i prosjekt forskningskoordinator i Vestland p  kr 0,3 mill.kroner m.m.

Note 2

Lønnskostnader, antal tilsette, godtgjersler m.m.

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Lønningar	32 572	28 309
Arbeidsgjevaravgift	4 125	3 601
Pensjonskostnader*	5 255	4 487
Andre lønnsrelaterte ytelsar	-785	-17
Sum	41 167	36 380
Gjennomsnittleg antal tilsette ¹⁾	73	68
Gjennomsnittleg antal årsverk ¹⁾	59,0	59,0
Antal faste tilsette 31.12 ²⁾	65	64
Antal faste årsverk 31.12 ²⁾	60,3	58,9
Totale årsverk 31.12 ²⁾	64,9	62,1
Sjukefråvær 31.12	4,6 %	5,0 %

* Sjå note 5

¹⁾ I gjennomsnittstala inngår faste tilsette, lærlingar, prosjekt- og sesongtilsette

²⁾ Tala for faste tilsette og årsverk inkluderer lærlingar

Det var i 2022 utbetalt kroner 891.133 i lønn til dagleg leiar Åsmund Kristiansen. Dagleg leiar inngår i stiftinga si kollektive pensjonsordning og det var utbetalt 115.026 kroner i innbetalt premie i perioden. Det er ikkje andre ytelsar eller forpliktelsar til dagleg leiar utover det som er opplyst. Dagleg leiar har ikkje bonusordning, og det ligg ikkje føre avtale om etterlønn ved avslutning av arbeidsforholdet.

Det var i 2022 utbetalt kroner 149.800 i styrehonorar til stiftinga Hardanger og Voss museum sitt styre (2021: 125.000). Det var ikkje gitt lån eller stilt sikkerheit for lån til direktør, styremedlemer eller tilsette.

Styrehonorar	Rolle	2022
Lars Mossefinn	Styreleiar	51 000
Solfrid Borge	Nestleiar	17 500
Asbjørn Tolo	Styremedlem	17 500
Hans Jørgen Andersen	Styremedlem	21 000
Elisabeth Wesenlund Hauge	Styremedlem	3 500
Agnete Sivertsen	Styremedlem	12 000
Silje Ensby	Styremedlem	12 000
Gunnar Skeie	Vara	10 500
Sissel Lillebostad	Vara	2 400
Lars B. Ystanes	Vara	2 400

Kostnadsført godtgjersle til revisor

Kostnadsført godtgjersle til revisor er eksklusive meirverdiavgift og fordelt på følgjande:

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Lovpålagt revisjon	282	184
Andre attestasjonstenester	73	56
Sum honorar	355	240

Honoraret inkluderer i tillegg til revisjon av stiftinga Hardanger og Voss museum, revisjon av eigarselskapa Stiftinga Hardanger Fartøyvernssenter og Stiftinga Agatunet.

Note 3

Varige driftsmidler

	Inventar og utstyr	Transportmidlar	Eigedom, bygningar og tomt ¹⁾	Tilpasningar på leigde bygg ⁵⁾	Ikkje avskrivbare anl. midlar ²⁾	Immaterielle eigendeler ³⁾	Sum
Kostpris 1.1	4 636	1 104	21 448	3 328	3 875	212	34 602
Tilskot			-3 382	-500			-3 882
Tilgang	209	53	4 741	763			5 766
Avgang							0
Kostpris 31.12.	4 845	1 156	22 808	3 591	3 875	212	36 486
Akkumulerte avskrivningar 1.1	3 026	960	3 551	683	0	97	8 317
Årets avskrivning	367	73	879	88		26	1 434
Akkumulert avskrivning 31.12	3 393	1 033	4 431	771	0	123	9 751
Bokført verdi 31.12	1 451	123	18 377	2 820	3 875	89	26 735
Avskrivningstid	4-7 år	5 år	20-30 år	20-30 år		10 år	
Avskrivingsprosent	15-25 %	20 %	3-5 %	3-5 %		10 %	
Avskrivingsplan	Lineær	Lineær	Lineær	Lineær		Lineær	

¹⁾ Tomt vert ikkje avskriven.

²⁾ Lysinstallasjonen Hardanger Skyspace, kunst Dagestadmuseet

³⁾ Lisensar, kjøpt

⁴⁾ Investeringsstilskot mottatt på 3,4 mill. kroner

⁵⁾ Investeringsstilskot mottatt på 0,5 mill. kroner

Årleg leige av ikkje balanseførte driftsmiddel

Beløp i tusen norske kroner	Leigeperiode	Årleg leige
Transportmidlar	84 mnd	94
Maskiner	36 - 60 mnd	76

Note 4

Andre driftskostnader

Beløp i tusen norske kroner	2022		2021	
	Beløp	Prosent	Beløp	Prosent
Utstillinger og prosjekt	1 258	6 %	1 171	6 %
Eksterne tenester	2 838	13 %	5 684	27 %
Drift og vedlikehold anlegg og utstyr	11 288	51 %	7 831	38 %
Marknadsføring, transportmidlar, reiser	2 285	10 %	1 496	7 %
Andre driftskostnader	4 504	20 %	4 619	22 %
Sum andre driftskostnader	22 173	100 %	20 801	100 %

I linja ”Eksterne tenester” inngår kjøp av tenester til Hardingfela.no, lønstenester, revisjon m.m.

I linja ”Drift og vedlikehold anlegg og utstyr” inngår restaurering av MF Folgefonn på 4,5 mill. kroner (2021: 3,2 mill. kroner), arbeid i samband med ny basisutstilling på Ingebrigt Vik museum (0,3 mill. kroner) og vedlikehold på Nesjastova ved Hardanger folkemuseum på 0,3 mill. kroner.

Note 5

Pensjonsmidlar/-forpliktelse

Hardanger og Voss museum har ei kollektiv pensjonsforsikring i KLP som per 1.1.2023 omfattar 81 tilsette, 196 oppsatte og 37 pensjonistar. Ordninga gir rett til defnerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengig av antal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga knytt til ordninga er dekkja gjennom eit forsikringsselskap.

Stiftinga har og ein avtalefesta førtidspensjonsordning (AFP). Den nye AFP-ordninga som gjeld frå og med 1. januar 2011 er å sjå som ei ytelsesbasert flerforetaksordning, men vert rekneskapsført som ei innskotsordning fram til det ligg føre påliteleg og tilstrekkeleg informasjon slik at selskapet kan rekneskapsføre sin proporsjonale andel av pensjonskostnad, pensjonsforpliktelse og pensjonsmidlar i ordninga. Stiftinga sine forpliktelser er derved ikkje balanseført som gjeld.

Stiftinga sine pensjonsordningar tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Det er innbetalt 1,7 mill. kroner i eigenkapitalinnskot til pensjonsleverandør.

Resultatregneskap

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Noverdi av årets pensjonsopptening	6 027	5 075
Rentekostnad av pensjonsforpliktinga	1 618	1 333
Avkastning på pensjonsmidlar	-2 495	-1 972
Arbeidsgivaravgift	750	650
Netto pensjonskostnad ytelsesordning	5 899	5 086
Kostnader ved AFP-ordning inkl. arbeidsgivaravgift		
Resultatført planendring	0	0
Kostnader ved innskotsordning inkl. arbeidsgivaravgift	169	172
Sum netto pensjonskostnad	6 069	5 258

Balanse

Netto pensjonsforpliktelse

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Opptente pensjonsforpliktingar 31.12	82 138	80 032
Berekna effekt av framtidig lønnsregulering	0	0
Berekna brutto pensjonsforplikting 31.12	82 138	80 032
Pensjonsmidlar (til marknadsvardi) 31.12	66 963	67 625
Ikkje resultatførte estimatavvik/planendring	1 899	968
Arbeidsgivaravgift	2 408	1 886
Netto pensjonsforplikting/-midlar	19 482	15 261

Økonomiske føresetnader

	2022	2021
Diskonteringsrente	3,00 %	1,90 %
Forventet lønnsvekst	3,50 %	2,75 %
Forventa G-regulering	3,25 %	2,50 %
Forventa pensjonsregulering	2,63 %	1,73 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	5,20 %	3,70 %
Levealder-tariff	K2013BE	K2013BE
Uføre-tariff	KLP	KLP
Amortiseringstid	10	10
Korridorstørrelse	10,00 %	10,00 %
Arbeidsgivaravgift	14,10 %	14,10 %

Note 6

Varer

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Materiellager (råvarer)	4 294	3 490
Ferdigvarer	264	478
Varer for vidaresalg	1 302	1 284
Ukuransavsetning	-729	-633
Balanse 31.12	5 131	4 619

Råvarelageret består av innsatsvarer til nybygging, reparasjon og vedlikehold av fartøy. Ferdigvarelageret består av robåtar av typen Æring, Strandebarmen og Hardanger færing. Varer for vidaresalg består av salsvarer, bøker og anna som er til sals i museumsbutikkane.

Note 7

Fordringar og gjeld

Kundefordringar er vurdert til pålydande, redusert med avsetning for tap på krav med TNOK 103. Alle kundefordringane forfell innan eitt år.

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Opptente, ikkje fakturerte inntekter	5 500	2 956
Forskotsbetalingar	533	1 891
Sum fordringar	6 034	4 846

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Lån i Sparebanken Vest, inngåande balanse	4 251	4 537
Betalt avdrag	372	286
Sum gjeld	3 879	4 251

Hardanger og Voss museum tok i samband med kjøp av næringseigedom i Kvam kommune i 2016 opp eit lån på totalt 8,7 millionar kroner. Lånet vart reforhandla våren 2021 og ny avtale har ei løpetid på 5 år med ein låneprofil på 12 år, løpetid på 5 år. Gjeld som forfell seinare enn 5 år er 0 mill. kroner. Museet betalte ned 1 mill. kroner ekstra i avdrag på lån i både 2019, 2017 og 2016.

Note 8

Bundne midlar

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Herav bundne bankinnskot	3 258	3 069

Note 9

Eigenkapital

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	Innskutt EK		Opptent EK	Sum egenkapital
	Grunnkapital		Anna egenkapital	
Eigenkapital 1.1	279		15 670	15 949
Årets resultat			-867	-867
Eigenkapital 31.12	279		14 804	15 082

Grunnkapitalen er skutt inn av kommunane i Hardanger og Voss. Stiftinga Hardanger og Voss museum er ei sjølveigande stifting.

Note 10

Pantstillingar og garantiar m.v.

Hardanger og Voss museum har trekkrettar på 0,7 millionar kroner. Det er ved årsslutt ikkje trukke på kassekreditten. Trekkrettane er sikra med pant i eigedom tilhøyrande eigarselskapet Stiftinga Hardanger Fartøyversenter.

Hardanger og Voss museum har stilt transportløyvegaranti ovanfor Hordaland fylkeskommune på 73.000 kroner. Garantien gjeld til 31.12.2025. Det er etablert 1. prioritets panterett i driftstilbehør samt motorvogn og anleggsmaskiner.

Hardanger og Voss museum har per 8.4.2016 stilt realkausjon på 15 mill. kroner til Sparebanken Vest. Kausjon er knytt til fast eigedom i Kvam kommune; gnr 11, bnr 336. Bokført verdi for eigendeler stilt som pant er 11,9 mill. kroner.

Note 11

Forskotsbetalingar

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Forskotsbetalte tilskot	6 658	4 567
Forskot frå kundar	675	357
Balanse 31.12	7 332	4 925

Forskotsbetalte tilskot består av prosjekttilskot frå offentlege og private samarbeidspartar. Tilskota vert inntektsført i tråd med aktiviteten i det einskilde prosjekt.

Note 12

Transaksjonar med nærstående partar

<i>Beløp i tusen norske kroner</i>	2022	2021
Husleige til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter	153	148
Husleige til Stiftelsen Agatunet	20	21
Sum husleige	173	169

Hardanger og Voss museum har samarbeidsavtalar med eigarselskapa stiftingane Hardanger fartøyvernssenter og Agatunet, foreiningane Voss folkemuseum og Hardanger folkemuseum, om vedlikehald og drift av museumsanlegg og gjenstandar.

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har per 8.4.2016 stilt realkausjon på 7,8 mill. kroner for stiftinga Hardanger og Voss museum. Kausjon er knytt til fast eigedom i Kvam kommune; gnr 10, bnr 76, gnr 11, bnr 26.

Det er levert søknad til Stiftelsestilsynet om å fusjonere Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter med Stiftinga Hardanger og Voss museum. Planlagt fusjonstidspunkt er 01.01.23

Til styret i Stiftinga Hardanger og Voss Museum

Uavhengig revisors beretning

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftinga Hardanger og Voss Museum som består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap og kontantstrømpstilling for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2022, og av dens resultater og kontantstrømmer for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlige for informasjonen i årsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke informasjonen i årsberetningen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese årsberetningen. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom årsberetningen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt informasjon i årsberetningen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom årsberetningen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at årsberetningen

- er konsistent med årsregnskapet og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende lovkrav.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern

PricewaterhouseCoopers AS, Sandviksbodene 2A, Postboks 3984 - Sandviken, NO-5835 Bergen
T: 02316, org. no.: 987 009 713 MVA, www.pwc.no

Statsautoriserte revisorer, medlemmer av Den norske Revisorforening og autorisert regnskapsførerselskap
kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>.

Uttalelse om andre lovmessige krav

Konklusjon om forvaltning

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 22. februar 2023
PricewaterhouseCoopers AS

Jan Roger Hånes
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Hardanger og Voss museum
Organisasjonsnummer: 987 927 704
Besøksadresse: Museumsvegen 36, 5778 Utne
Postadresse: 5778 Utne
Telefon: 404 34 100
E-post: post@hvm.museum.no

Bankkontonummer: 3530.05.03096
Bankforbindelse: Sparebanken Vest
IBAN code: NO2235300503096
SWIFT code: SPAVNOBBXXX

